

Naturtypekartlegging i Hjelmeland kommune 2012

Jon T. Klepsland og Kjell Magne Olsen



Ekstrakt

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Hjelmeland kommune. Totalt 46 naturtypelokalitetar vart kartlagt i 2012. Desse fordeler seg på 7 lokalitetar med A-verdi, 28 med B-verdi og 11 med C-verdi. Store gamle tre, hagemark og rik edellauvskog er dei naturtypane som er kartlagt oftast.

Nøkkelord

Rogaland
Hjelmeland
Naturtypekartlegging
Verdivurdering
Kvalitetssikring

Omslag

FRAMSIDEBILETE
Øvre: Hodeskoddelav.
Midtre: Eikeskog (lok 117).
Nedre: Utsyn mot aust over Steinslandsvatnet.

Alle fotos: Jon T. Klepsland (BioFokus)

LAYOUT (OMSLAG)
Blindheim Grafisk

ISSN: 1504-6370

ISBN: 978-82-8209-268-5

Biofokus-rapport 2013-12

Tittel

Naturtypekartlegging i Hjelmeland kommune 2012

Forfattarar

Jon T. Klepsland og Kjell Magne Olsen

Dato

03.05.2013

Tal på sider

32 sider

Publiseringstype

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument inneheld denne rapporten "levende" lenker.

Oppdragsgivar

Fylkesmannen i Rogaland

Tilgjengelegheit

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.

Andre BioFokus -rapporter kan lastas ned frå:
<http://biolitt.biofokus.no/rapporter/Litteratur.htm>

BioFokus: Gaustadalléen 21, 0349 OSLO
Telefon 2295 8598

E-post: post@biofokus.no Web: www.biofokus.no

Forord

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra tidlegare kartlagde naturtypar samt gjort nykartlegging av einskilte naturtypar i Hjelmeland kommune. Audun Steinnes har vore vår kontaktperson hos oppdragsgivar. Jon T. Klepsland har vore prosjekt-leiar hos BioFokus. Kjell Magne Olsen har òg teke del i arbeidet.

Denne rapporten har som mål å summere opp resultata frå kartlegginga i 2012 og vurdere kartleggingsstatus for kommunen som heilskap og fordelt på dei ulike hovudnaturtypane.

Prosjektets viktigaste leveranse er Naturbasefiler som vert publisert på <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Oslo, 6. mars 2013

Forfattarane



Steinslandsvatnet med lokalitet 128 og 129 (Steinslandsvatnet aust og Husstølåna) midt i bildet, medan nordre del av lok 115 (Vassvikfjellet N) kan skimtas i høgre kant av bildet. Foto: Jon T. Klepsland (BioFokus).

Samandrag

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypelokalitetar i Hjelmeland kommune. Arbeidet vart etter ønskje frå fylkesmannen konsentrert om lågareliggande og sjønære jordbruksareal og tettstadsnære strok. Nokre høgareliggande parti med potensial for m.a. epifyttrike lauvskogar vart likevel også oppsøkt.

Totalt 46 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i 2012. Av desse er 7 lokalitetar vurdert som svært viktige (A-verdi), 28 som viktige (B-verdi) og 11 som lokalt viktige (C-verdi). Skog er den hovudnaturtypen som dekker det største arealet av dei kartlagde naturtypene; totalt 577 daa (44 %). Deretter følgjer kulturlandskap med 288 daa (22 %).


Kartlegginga har ikkje vore systematisk, korkje geografisk eller med omsyn til hovudnaturtypar. Likevel kan ein rekne nokre område som ganske godt kartlagt etter 2012-sesongen (kor dei fleste A- og B-lokalitetar er fanga opp), slik som ved Årdal, omkring Steinslandsvatnet, og søre del av Randøya.



Lokalitet 117 (Hjelmen SSØ). Eldre, nesten hagemarksprega eikeskog med mange krevjande lavartar, m.a. grå buktrinslav (EN) og praktlav (VU). Foto: Jon T. Klepsland (BioFokus).

Innhold

1	INNLEIING / BAKGRUNN	6
2	GJENNOMFØRING	6
2.1	PRIORITERTE OMRÅDE	6
2.2	TILRETTELEGGING FOR NATUR2000 OG NATURBASE	6
2.3	TIDLEGARE UNDERSØKINGAR	6
2.4	BEHANDLING AV GAMLE NATURTYPEDATA	7
2.5	RAUDLISTEARTAR	7
3	RESULTAT	8
3.1	OVERSIKT OVER KARTLAGDE NATURTYPAR	8
3.1.1	<i>Artsmangfald</i>	11
3.2	LOKALITETSSKILDNINGAR	12
3.3	REGISTRERINGSSTATUS	30
3.3.1	<i>Status for dei ulike hovudnaturtypane</i>	30
4	DISKUSJON.....	31
4.1	ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I KOMMUNEN	31
5	LITTERATUR	32



Beitesteinmose (VU) finst somme stader i Hjelmeland, på eksponerte berg i ugjødsla beitemark. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus).

1 Innleiing / bakgrunn

I føreordet til fyrste utgåve av naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 1999) står følgjande: *"Det er et politisk mål at alle landets kommuner skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine arealer (St. meld. nr. 58 (1996/97) 1996-97). Den kommunale kartleggingen omfatter naturtyper, vilt, rødlistearter, ferskvannslokaliteter og marint biologisk mangfold."*

Arbeidet som har vore gjort i samband med kartlegginga i Hjelmeland kommune er finansiert med middel frå Fylkesmannen i Rogaland. Den økonomiske ramma var på kr 485.000 ekskludert moms, og omfatta kvalitetssikring og nykartlegging av naturtypelokalitetar i kommunane Forsand, Hjelmeland og Sandnes. Det er utarbeidd ein rapport for kvar av dei tre kommunane.

Feltarbeidet vart gjort i løpet av feltsesongen 2012 med påfølgjande rapportering hausten 2012/vinteren 2013. Feltarbeid knytt til dette prosjektet har vore utført av Jon T. Klepsland (prosjektleder) og Kjell Magne Olsen. Data er systematisert i Natur2000 (Borch og Wergeland Krog 2011).

Metoden for kartlegging følgjer DN-handbok 13, revidert utgåve (Direktoratet for Naturforvaltning 2007). Me syner til handboka for nærare opplysning om kriteria for utval av og verdisetting av naturtypar, særskilt kapitla 1-4 og 6.

I samband med oppdateringa har BioFokus produsert sosifiler for naturtypetemaet. Desse er sendt til Fylkesmannens miljøvernavdeling saman med eigenskapsdata. Fylkesmannen vil på dette grunnlag oppdatere Naturbase i samarbeid med Direktoratet for Naturforvaltning (DN).

2 Gjennomføring

2.1 Prioriterte område

Etter ønske frå Fylkesmannens miljøvernavdeling vart kartleggingsarbeidet konsentrert om lågareliggande og sjønære jordbruksareal, samt tettstadsnære strok, i Hjelmeland. Nokre høgareliggande parti med potensial for m.a. epifyttrike lauvskogar vart likevel også oppsøkt.

2.2 Tilrettelegging for Natur2000 og Naturbase

Alle lokalitetar er skrive og samanfatta i databaseverktøyet Natur2000. Alle eigenskapsfiler m.m. er henta ut frå denne databasen i samband med rapportering og overlevering av data til Fylkesmannen. Lokalitetane er gitt ein lokal id (lokalitetsnummer) innafor ein serie som ikkje har vore nytta tidlegare i kommunen, jamfør DN's database for biologisk mangfald. Eventuelle hol i nummerserien skyldast berre at fleire registrantar har arbeidd parallelt med prosjektet, og at det har vore naudsynt å tildele rommelege nummerseriar for å unngå risiko for at to eller fleire registrantar opprettar same lokalitetsnummer på ulike naturtypelokalitetar.

2.3 Tidlegare undersøkingar

I 2009 vart det kartlagt 35 naturtypelokalitetar av Gaarder et al. (2010). Desse er godt dokumenterte og vart derfor ikkje vitja på ny i 2012. Eldre naturtypeavgrensingar frå ei meir overflatisk kartlegging finst også i Naturbase, men desse vantar naudsynt informasjon og grunngjeving av verdi. Mange av desse vart derfor kvalitetssikra/omvurdert no i 2012.

2.4 Behandling av gamle naturtypedata

I alt 24 gamle naturtypepolygon vart kvalitetssikra i 2012. Av desse vart 19 funne å overlapp med areal som hadde høg nok naturverdi til å verte avgrensa som prioriterte naturtyper. Dei 5 resterande er av ymse årsaker underkjente eller funne overflødige og skal derfor fjernast frå Naturbase utan å verte erstatta av noko anna polygon/naturtypelokalitet. Dei nemnde 19 lokalitetane er revidert med omsyn til naturtypekategori, tekst, avgrensing og verdivurdering, men eksisterande Naturbase-id (BN-nummer) er ført vidare (jfr. instruks frå DN).

2.5 Raudlisteartar

Spesielle artar, inkludert sjeldsynte og raudlista artar, kartlagt gjennom prosjektet vert gjort tilgjengeleg i Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2013) via BioFokus sin artsbase (BAB). Raudlistekategoriar i rapporten følgjer "Norsk rødliste for arter 2010" (Kålås et al. 2010).



Randpunktlav (*Punctelia jeckeri*) (CR) er en sjelden oseanisk lavart som er funne fleire stader i Hjelmeland dei seinaste åra. Foto: Jon T. Klepsland (BioFokus).

3 Resultat

3.1 Oversikt over kartlagde naturtypar

Totalt 46 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i 2012. Av desse er 7 lokalitetar vurdert som svært viktige (A-verdi), 28 som viktige (B-verdi) og 11 som lokalt viktige (C-verdi).

Tabell 1 gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordelar seg på tal på og storleik på lokalitetane. Tabell 2 syner at "skog" er den hovudnaturtypen som det vart kartlagt mest av rekna i areal. Ganske mykje areal innafor hovudnaturtypene "kulturlandskap" og "ferskvatn/våtmark" vart også kartlagt som naturtypelokalitetar. Også i tal lokalitetar vart det kartlagt flest innafor kategorien "skog" (n=17). Like mange vart kartlagt innafor kulturmark (n=17), meda talla innafor "ferskvatn/våtmark" var lågare (n=6). **Figur 1** syner korleis lokalitetane fordeler seg på verdi og areal. I **tabell 3** er alle lokalitetane som vart kartlagt i 2012 lista opp alfabetisk.

Tabell 1. Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane og korleis desse ordnar seg på areal og verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.

Hovudnaturtype	Naturtype	A	B	C	Tal på lok	Areal (daa)
Myr og kilde	Kystmyr			1	1	18
Rasmark, berg og kantkratt	Sørvendt berg og rasmark			1	1	5
	Nordvendt kystberg og blokkmark	1	1		2	16
Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø		2		2	106
	Viktig bekkedrag		2	1	3	123
	Evjer, bukter og viker		1		1	34
Kulturlandskap	Hagemark	1	4		5	90
	Naturbeitemark		3		3	168
	Småbiotoper			2	2	24
	Store gamle trær	3	3		6	5
	Artsrik veikant	1			1	0,1
Skog	Bekkekløft og bergvegg		1		1	97
	Gammel fattig edellauvskog	1	2		3	77
	Gammel lauvskog		1	2	3	126
	Gråor-heggeskog		1	2	3	126
	Rik edellauvskog		4	1	5	124
	Kystfuruskog		1	1	2	27
Havstrand/kyst	Brakkvannsdelta		1		1	84
Marint	Poller		1		1	51
Totalt		7	28	11	46	8723




Fig 1: Figuren syner korleis dei 46 lokalitetane fordeler seg på verdi og totalt areal (i hektar).

Tabell 2. Oversikt over korleis dei kartlagde naturtypelokalitetane fordeler seg innanfor kvar hovud-naturtype på totalt areal og prosent av totalt kartlagt areal.

Hovudnaturtype	Totalt areal (daa)	Prosent
Ferskvatn/våtmark	263	20,17
Kulturlandskap	288	22,14
Havstrand/kyst	84	6,43
Marint	51	3,95
Myr og kilde	18	1,35
Skog	577	44,34
Rasmark, berg og kantkratt	21	1,62
Totalt	1301	100,00

Tabell 3: Alfabetisk lokalitetsliste over dei 46 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i 2012.

Lokalitetsnavn	Lokalitetsnr.	BN-nummer	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Askvika	126	BN00044995	Kulturlandskap	Artsrik veikant	A	0,1
Breiavik, nordøst for	140		Skog	Kystfuruskog	C	14,0
Brekka	103		Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	81,7
Eikehaug	133		Kulturlandskap	Store gamle trær	B	1,4
Fisterfjellet V	113	BN00008802	Skog	Rik edellauvskog	B	26,0
Gudlåsen, myr vest for	135		Myr og kilde	Kystmyr	C	17,5

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Hauskje	131	BN00044996	Rasmark, berg og kantkratt	Nordvendte kyst-berg og blokk-mark	A	1,3
Heståsen N	108		Skog	Gammel fattig edellauvskog	B	29,7
Hjelmen SSØ	117		Skog	Gammel fattig edellauvskog	A	40,9
Hovda, sør for	138		Kulturlandskap	Store gamle trær	A	2,6
Hovdeidet	137		Skog	Rik edellauvskog	B	10,9
Husstølåna	129	BN00008814	Ferskvann/våtmark	Viktig bekke- drag	B	63,0
Indre Sandanger, nord for	144		Kulturlandskap	Hagemark	A	2,2
Indre Sandanger, nord-nordøst for	145		Kulturlandskap	Store gamle trær	B	0,2
Ingvaldstad	119	BN00008794	Kulturlandskap	Hagemark	B	19,2
Kalltveit N	124	BN00008841	Skog	Gråor-heggeskog	C	36,1
Kleppa, sør-sørvest for	130	BN00008795	Rasmark, berg og kantkratt	Nordvendte kyst-berg og blokk-mark	B	14,7
Kota, nord for	142		Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	37,6
Kotatjørna	141		Ferskvann/våtmark	Rik kultur-landskapssjø	B	66,4
Kvamme V	118		Skog	Rik edellauvskog	B	21,9
Mosnes Ø	109	BN00008811	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	49,1
Nonsskardet	122	BN00008847	Skog	Gammel lauvskog	C	27,0
Randa, øst for	143		Rasmark, berg og kantkratt	Sørvendt berg og rasmark	C	5,0
Sandanger, nord-vest for	146		Kulturlandskap	Store gamle trær	A	0,4
Sandanger, sørvest for	147		Kulturlandskap	Store gamle trær	A	0,4
Setberg	105		Kulturlandskap	Småbiotoper	C	7,8
Setberg V (Lund)	104	BN00008835	Kulturlandskap	Småbiotoper	C	16,7
Sigmundstad NØ	111		Kulturlandskap	Store gamle trær	B	0,2
Sigmundstadneset N	112		Kulturlandskap	Hagemark	B	7,5
Sjøbuberget	114	BN00008830	Skog	Rik edellauvskog	B	60,3
Skitnamyr, sørøst for	136		Skog	Kystfuruskog	B	13,0
Skoråsen V (Øvra-bøtjørna)	110	BN00008804	Ferskvann/våtmark	Rik kultur-landskapssjø	B	39,7
Soppaland	102	BN00008812	Ferskvann/våtmark	Viktig bekke- drag	C	33,7
Steinslandvatnet øst	128	BN00008826	Ferskvann/våtmark	Evjer, bukter og viker	B	33,7
Svabergviga	107	BN00008836	Havstrand/kyst	Brakkvannsdelta	B	83,7
Svadbergfjellet NØ	125		Skog	Gammel lauvskog	C	26,9
Sæbø, sør for	127	BN00008825	Ferskvann/våtmark	Viktig bekke- drag	B	26,0
Søylå	139		Marint	Poller	B	51,4
Tuntland NØ	116		Skog	Gammel fattig edellauvskog	B	6,3
Ullestadvet (bekkekløften)	123	BN00008805	Skog	Bekkekløft og bergvegg	B	96,5
Valheim S	106	BN00008800	Skog	Gråor-heggeskog	C	22,7
Vassvikfjellet N	115		Skog	Gammel lauvskog	B	71,8
Viganeset	148		Kulturlandskap	Hagemark	B	41,8
Vikemoen Ø	120		Skog	Rik edellauvskog	C	5,4
Vormo	121	BN00008791	Skog	Gråor-heggeskog	B	67,7
Ytre Dale	134		Kulturlandskap	Hagemark	B	19,3

3.1.1 Artsmangfald

Det er registrert raudlisteartar i ei rekkje av dei kartlagde naturtypeavgrensingane. Dei fleste raudlistefunna er råmekrevjande kryptogamar som vart funne i fuktige skogar eller i kulturlandskapet. Totalt 31 raudlisteartar blei funne innanfor dei 46 lokalitetane (sjå tabell 4). Sjå elles Artskart og dei einskilde områdeskiltringane for meir detaljert informasjon om artar funne i samband med kartlegginga.

Tabell 4: Raudlisteartar som er funne innafor ein eller fleire av de 31 lokalitetane som vart kartlagt i 2012.

Artsgruppe	Vitenskapleg namn	Norsk namn	Raudlistekategori	Tal på funn
Karplanter	Circaea lutetiana	Stortrollurt	VU	1
	Elatine hexandra	Skaftvejblom	NT	1
	Fraxinus excelsior	Ask	NT	18
	Taxus baccata	Barlind	VU	3
	Ulmus glabra	Alm	NT	4
Lav	Arthonia cinnabarina		VU	1
	Bryoria bicolor	Kort trollskjegg	NT	1
	Catapyrenium psoromoides		CR	1
	Cetrelia olivetorum	Praktlav	VU	2
	Degelia cyanoloma		VU	2
	Flavoparmelia caperata	Eikelav	NT	2
	Fuscopannaria ignobilis	Skorpefiltlav	NT	2
	Fuscopannaria sampaiana	Kastanjelav	VU	1
	Gyalecta truncigena		VU	2
	Hypotrachyna laevigata	Grå buktrinslav	EN	2
	Menegazzia subsimilis	Kystskoddelav	EN	2
	Menegazzia terebrata	Hodeskoddelav	VU	5
	Opegrapha vermicellifera		VU	1
	Pachyphiale carneola		VU	4
	Parmotrema chinense	Liten praktkrinslav	VU	1
	Thelopsis rubella		VU	6
	Thelotrema macrosporum		EN	1
Moser	Archidium alternifolium	Sporemose	NT	1
	Habrodon perpusillus	Parkmose	VU	1
	Hedwigia integrifolia	Beitesteinmose	VU	1
	Rhynchostegiella tenella	Skorteagnemose	DD	1
Virvelløse dyr	Margaritifera margaritifera	Elvemusling	VU	2
Totalt	31 artar			69

3.2 Lokalitetsskildringar

102, Soppaland, *Viktig bekkedrag* (Bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap) - **Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008812). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Storåna i Årdal. Avgrensinga omfattar eit lite sideløp til hovedelva, inkludert kantsonar med hagemark og flaumpåvirka gråor-heggeskog. Den er avgrensa mot åpen kulturmark (med låg naturverdi), inngrep av ymse slag, og til Storåna.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga er ein mosaikk av fleire prioriterte naturtypar (viktig bekkedrag, hagemark og gråor-heggeskog). Lengst aust er bekkedraget klemt inn mellom hogstfelt og nylagt vegfylling/jordekant. Vatnstraumen der er svak og det er stadvis utvikla frodig forsumpa fuktengvegetasjon med m.a. skogrøyrkvein, markrapp, englodnegras, strandrøyr, krypssoleie og grøftesoleie. Klengemaure, sumpmaure, bekkeblom og solbær finst òg. Den smale kantskogen er dominert av gråor og svartor, men det finst òg noko hegg, rogn og ask. Mot vest vert kantskogen meir lysåpen og beitepåvirka, og bekkedraget breiare og grunnare. Dette stykket (til samløpet med Storåna) har preg av hagemark, og tresjiktet er dominert av gråor og svartor. Trea er halvstore og ikkje meir enn 40-50 år. Vegetasjonen er grasrik og triviell utanom der bekken renn. Der er dekninga av heimlege myr- og kjeldearter høg med m.a. grøftesoleie, kjeldeurt, bekkestjerneblom, sumpshivaks, småvasshår, tjørnaks, mannasøtgras, gråstorr, grønstorr, stjernestorr og slåtestorr. Kjølvelvose finst òg. Ei ganske smal sone flaumpåvirka gråor-heggeskog langsmed Storåna er inkludert i avgrensinga. Engrapp og raudsvingel set preg på feltsjiktet der.

Artsmangfold: Den oseaniske lavarten orelav er vanleg i hagemarksskogen og flaummarksskogen, og den er funne fertil, noko som er sjeldan. Liten lindelav er òg funne. Lokaliteten har truleg høg produksjon av insekt og andre fødedyr, og er truleg ein viktig hekke- og rasteplass for vadefuglar m.fl.

Bruk, tilstand og påvirkning: Bekkedraget er negativt påverka lengst aust av fyllmasse i samband med veganlegg. Området er ellers beita av sau.

Verdivurdering: Variert miljø med høgare artsmangfold enn næraste omland. særskilt sjeldsynte eller krevande artar er ikkje funne, og heller ikkje forventta. Litt lav trealder og negativ påverknad lengst aust bidreg til at verdien vurderast som lokal.

Skjøtsel og hensyn: Sauebeite bør halde fram. Tilførsel av gjødsel bør avgrensas.

103, Brekka, *Naturbeitemark* ((D04) Frisk fattigeng) - **Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland i juni, og Torbjørn Høitomt den 04.10.2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Brekka, aust i Årdal. Det er ein sør- til vestvendt beitebakke omgjeve av meir gjødsle kulturmark, samt skogsmark eller attgrodd kulturmark. Berggrunnen i området er relativt fattig, dominert av granitt. Oppå berggrunnen ligg morenemassar av varierende tjukkuleik.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Arealet skil seg positivt ut frå omgjevnaden ved noko lavare næringsstatus og at det står einer spreidd ut over heile arealet. Ein stor del av einerane har søyleform og er storvaksne. Dette gir eit visst preg av hagemark (einerhage). Dei fleste er under tre meter høge, men det finst òg eit relativt stort antal individ mellom tre og fem meter, samt nokre over fem meter. Mange oppnår ein diameter på 15-20 cm, men einskilde individ med diameter opp mot 35 cm finst òg. Nokre av dei eldste og grovaste einerane har blåst over ende. Talrike større og mindre steinblokkar gjer terrenget ujamnt og ueigna for maskinell drift. Marka er relativt lite prega av tilført gjødsel, men der dyra oppheld seg mykje (t.d. ved vasskjelder, bygningar og i sig) er vegetasjonen meir gjødselprega. Vegetasjonen er dominert av raudsvingel og ellers er det mykje gulaks, smyle, sauesvingel, finnskjegg, engrapp, knappsiv, kvitkløver, engsyre, kystmaure, engfrytle, engsoleie, tepperot, legeveronika, blokkebær og myrtistel. Englodnegras finst meir sparsomt. Engkransmose dominerer botnsjiktet, stadvis furumose.

Artsmangfold: Ingen krevande artar er funne. Eit mogleg potensial for moderat krevande beitemarkssopp/grasmarkssopp finst. Den vanlege arten krittvoxsopp (*Hygrocybe virginea*) er funne. Større areal med hagemark er truleg viktig for fleire artar spurvefuglar. Potensialet for insekt knytta til denne typen lokalitetar er dårleg kjent.

Bruk, tilstand og påvirkning: Arealet vert nytta til sauebeite. Beitetrykket var moderat i tida kring befarung.

Verdivurdering: Krevande artar er ikkje funne og potensialet for slike er nok lågt. Likevel reknas arealet som lokalt viktig til viktig grunna døme på større areal med lite gjødsle og hagemarksprega beitemark/einerhage.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt sauebeite er truleg positivt. Ein må unngå tilførsel av gjødsel. I særst tette/skogkledde parti med mykje einer bør ein tyne ut slik at eineren får meir ljøs.

104, Setberg V (Lund), *Småbiotoper* (Åkerholmer) - **Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008835). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Årdal kirke. Avgrensinga omfattar dei søraust- til sørvest-vendte hellingane av ein stor lausmassehaug (breelavsetning). Den er avgrensa mot gjødsle og aktivt driven kulturmark på alle kantar med unnatak av skrentane i nord som er kledd med skog/tre.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vegetasjonen og vegetasjonsdekninga varierer innom avgrensinga. Det mest sørvendte partiet er prega av åpen sand og grus, medan hellinga lengst aust har heildekkande grasvegetasjon. Hellinga i vest har òg har eit velvaksen busk- og tresjikt av einer, gråor og rogn. I sør er det òg spreidde eldre hengebjørk og rogn. Dei grasrike partia er etter høva artsfattige og dominert av engrapp, raudsvingel, gulaks, smyle, tepperot, kvitkløver og engsoleie. I kanten av skrentane med åpen sand og grus er det større innslag av urter med m.a. blåmunke, småsmelle, legeveronika, ryllik og revebjølle.

Artsmangfold: Eit par mindre vanlege karplanter finst som nemt, men ingen krevande eller regionalt sjeldsynte artar er funne. Dei sørvendte og soleksponerte skrentane kan likevel ha funksjon for t.d. nokre varmekjære sandlevande insekt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Truleg ekstensivt nytta som beitemark, men dei bratte hellingane er ikkje lett tilgjengelege. Noko bjørk og anna oppslag av buskar og tre har vore rydda i austre del. Sørskrenten er eller har truleg vore nytta som grustak.

Verdivurdering: Større areal med soleksponert, lite til moderat forstyrta sand- og grusmark er uvanleg i regionen, og kan ha ein viktig funksjon for mange artar. Eit par mindre vanlege karplanter finst, men ingen krevande eller regionalt sjeldsynte er funne. Skrentane har dessutan ein kornsamansetning som nok ikkje er heilt optimal mtp dei mest krevande sandbundne artane. Lokaliteten er derfor vurdert som (berre) lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Høg naturvariasjon innanfor avgrensinga er eit pluss, og ein bør oppretthalde både partiet med oreskog-einerbuskmark og dei åpne skrentene med sand og grus. Dei solitære eldre bjørke- og rogntrær bør ein òg spare. Ein bør unngå tilførsel av gjødsel, både direkte og indirekte (via husdyr som t.d. får tillegsfôr).

105, Setberg, Småbiotoper (Kantsamfunn) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Setberg i Årdal. Avgrensinga gjeld ein SV-vendt helling som utgjer kanten på ei mektig breelavsetning. Lokaliteten er avgrensa mot slakare og meir intensivt nytta kulturmark, samt skogsmark (i aust).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ikkje inventert, berre observert på avstand. Lausmasseskrenten er dels graskledd, dels åpen med blottlagt sand. delar av skrenten er vaksen til med m.a. bjørk og selje.

Artsmangfold: Ingen påviste, men potensial for t.d. uavnelege og varmekjære sandbundne insekt. Dei sandige skrentane kan òg syne seg å vere ganske urterike.

Bruk, tilstand og påvirkning: Truleg ingen form for hevd p.t.

Verdivurdering: Soleksponert, lite til moderat forstyrta sandmark er uvanleg i regionen og kan ha ein viktig funksjon for mange artar. Skrentane såg meir finkorna ut (sandigare) enn på nabolokaliteten (Setberg V). I mangel på funn av krevande artar vert lokaliteten førebels rekna som lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Tette trebestand bør tynnast ut. Eldre og særmerkte tre bør sparast. Ein bør unngå tilførsel av gjødsel, både direkte og indirekte (via husdyr som t.d. får tillegsfôr).

106, Valheim S, Gråor-heggeskog (Flommarksskog) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008800). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg attmed Storåna ved Valheim i Årdal. Avgrensinga omfattar ei strekning elvenær, relativt gamal og meir eller mindre flaumpåverka lauvskog. Lokaliteten er avgrensa mot meir triviell skogsmark, plantefelt og elva.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lauvskogen er framfor alt dominert av bjørk. Men det er òg ein del gråor, svartor, hegg, rogn, osp, selje og einer. Skogen er halvgamal og moderat fleirsjikt. Litt daud ved av yngre dato førekjem. Feltsjiktet er beiteprega med mykje sølvbunke og ellers engrapp, gulaks, raudsvingel, legeveronika, gauksyre, myrfiol. I fuktige flaumlaup står m.a. markrapp, engsoleie, krypssoleie, vassarv og kjeldeurt.

Artsmangfold: Orelav er vanleg. Ikkje funne meir krevande oseaniske kryptogamar eller artar bunde til gamalskog, men det er eit visst potensial.

Bruk, tilstand og påvirkning: Biotopen er i noko grad råka av mindre hogstinngrep.

Verdivurdering: Restfragment av relativt lite påverka flommarksskog med eit visst potensial for moderat kontinuitetskrevande artar. Førebels noko lav skogalder og ingen særskilt krevande artar funne avgrensar vurderinga til lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er framst bunde til skogselement og skogleg kontinuitet. Lokaliteten bør derfor settas av til fri utvikling.

107, Svabergviga, Deltaområde (Lite og mindre formrikt delta) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008836). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Svadberg og utlaupet av Storåna. i Årdal. Avgrensinga omfattar ytre del av eit mindre formrkt brakkvassdelta, samt strandsona derfrå og sørover Svabergviga.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Strandsona er dels åpen sand- og grusstrand, dels grasdominert eng. Trivielle kulturmarksplanter dominerer over heimlege strandplanter, men yst er det ein usammanhengande smal stripe med saltsiv-raudsvingel-eng der det m.a. står tiriltunge, strandsmelle, gåsemure, skjørbuksurt og strandkjempe. Lengst sør er det eit lite parti med ubeita steinstrand der det òg fins strandkryp og strandrug. Langsmed Storåna er det ein del halvstor gråor og svartor, som grunna ganske spreidd trestilling gjev assosiasjonar til hagemark.

Artsmangfold: Ingen sjeldsynte eller krevande artar funne, og truleg dårleg potensial.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området vert nytta som beitemark (storfe), og beiteområdet vert tilført mykje blautgjødsel/gylle. Ein del av det opphavlege deltaet (nordsida av Storåna) er omgjort til industriområde.

Verdivurdering: Brakkvassdelta har hatt kraftig tilbakegang og er særskilt viktig for fuglelivet. Lausmassetrender er òg sjeldsynte i regionen. Sjølv om deltaet er klart forringa av industriell aktivitet og overgjødsling, og heller ikkje har høgt mangfold av plantar eller kryptogamar, så vurderast den likevel som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Ein bør unngå tilførsel av gjødsel innanfor avgrensinga. Eit moderat beitetrykk er kan hende positivt.

108, Heståsen N, Gammel fattig edellauvskog (Svartorskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Heståsen, rett NV for Riskadalsvatnet. Avgrensinga omfattar ei grunn og slak bekkedal med eldre lauvskog. Lokaliteten er avgrensa mot granplantefelt i aust, og ellers til bjørkedominert skog med noko lavare og mindre stabil luftråme.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Svartorskogen er moderat fleirsjikt og fleiraldra med tredimensjonar opp mot om lag 30 cm dbh. Feltsjiktet er dominert av gulaks og småbregner (hengeving m.fl.).

Artsmangfold: Skoddelav (både *M. subsimilis* (EN) og *M. terebrata* (VU)) veks på fleire tre. Andre krevande artar er ikkje funne.

Verdivurdering: Høvevis gamal svartorskog med førekomst av trua lavararter gjer lokaliteten viktig. Låg naturvariasjon, litt lite areal og mangel på andre krevande artar avgrensar verdivurderinga oppover.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er bunde til skogleg kontinuitet og eit stabilt skogklima. Lokalitetn bør derfor settes av til fri utvikling utan inngrep.

109, Mosnes Ø, Naturbeitemark ((D04) Frisk/tørr, middels baserik eng) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008811). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for Mosnes lengst sørvest i kommunen. Avgrensinga gjeld ein sørvendt naturbeitemark, og lokaliteten er dels avgrensa mot slakare og mindre artsrik kulturmark, dels mot skog. Berggrunnen er av glimmerskifer/fyllitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Råmetilhøva varierer ein del og gjer utslag i varierende vegetasjonssamansetning. Næringsstatusen er ganske høg i dei fuktigare partia, medan det på grunnlendt eller brattlendt mark er ganske magre tilhøve. I dei fuktige partia er vegetasjonen ganske triviell med mykje engrapp, kvitkløver, engsoleie, løvetann, kystmaure og revebjølle, men òg gulaks, englodnegras, harestorr, myrtistel og åkersvineblom. Tørrare parti er generelt urterike med m.a. smalkjempe, gjeldkarve, ryllik, blåkløkke, tiriltunge, musekløver, småbergknapp, smørbukk, vegtistel og engknoppurt. Beitemarka er topografisk variert med ryggar og forsenkningar, samt ein del steinblokker og bergblotningar (særskilt i øvre del). Kantsonar og spreidd einskildtre av eik, furu, bjørk m.fl. bidreg til høg naturvariasjon og stor habitatdiversitet.

Artsmangfold: Variert flora med innslag av uvanlege og noko basekrevande planter som engknoppurt, og ganske variert mose- og lavflora tilknytta bergblotningar og steinblokker med m.a. stabbesteinmose, skruvringmose, kveilmose og kysthinnelev.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området vert beita med storfe og sau om sommaren, medan hest nyttar beita vinterstid. Besetninga er redusert dei seinare åra (opplysningar frå grunneigar).

Verdivurdering: Velhevd, stor og variert naturbeitemark med høvevis rik flora og innslag av uvanlege artar. særst få tilsvarende rike og velhevd naturbeitemarker i regionen gjer at lokaliteten vurderast som klart viktig.

Skjøtsel og hensyn: Beitehevd bør oppretthalde. Ein bør ikkje tilføre gjødsel av noko slag. Eldre tre i kantsonar og utpå beitemarka er viktige element som bør sparast.

110, Skoråsen V (Øvrabøtjørna), Rik kulturlandskapssjø (Næringsrik utforming) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008804). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg søraust for Mosnes lengst sørvest i kommunen. Avgrensinga omfattar eit lite våtmarkskompleks med vegetasjonsrike tjern, åpen sumpvegetasjon/myreng og sumpskog. Lokaliteten grensar i nord til kulturmark.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Rundt tjerna er det breie belter med frodig sump- og storvegetasjon dominert av elvesnelle, flasketorr, mjørdurt, myrhatt, bukkeblad og dunkjevle. Bekkeblom, krypsolie, grøftesoleie, engminneblom, myrmaure, vendelrot, trådstorr, sennegrass, strandrøyr og markrapp inngår òg. Andemat flyt på vannhinna mellom sumpplantene, og utpå tjerna finst kvit nykkerose og fløtgras. I sørenden av den åpne våtmarka er det fattig til intermediær sumpskog av svartor og bjørk. Den er middelaldr og svakt alderspreidd.

Artsmangfold: Ferskvannsfauaen er ikkje undersøkt, men er truleg relativt rik og variert i likskap med vegetasjonen.

Verdivurdering: Vegetasjonsrike tjern med breie og naturlege kantsonar er sjeldsynte i dette landskapet, og lokaliteten er truleg viktig for mange ferskvasstilknytta invertebratar. Lokaliteten vurderast derfor som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje utsettast for inngrep, heller ikkje den delen av sumpskogen som er inkludert (har ein viktig funksjon som skjerm og buffer).

111, Sigmundstad NA, Store gamle trær (Eik) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Sigmundstad sørvest i kommunen. Avgrensinga gjeld ei stor eik.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eika er livskraftig og om lag 150 cm dbh (brysthøgdediameter). Den står på ein liten bergrygg i utkant av ei plen og nær eit hus.

Artsmangfold: Lungenever veks på stammen. Treet er ikkje godt undersøkt for kryptogamar, og heller ikkje for invertebratar.

Verdivurdering: Solitær eik i denne størrelsesklassa vert rekna som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Eika bør få utvikle seg fritt.

112, Sigmundstadneset N, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Sigmundstad sørvest i kommunen. Avgrensinga omfattar ein eikehage, som er avgrensa mot åpen kulturmark (jorde) og sjø.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Forutan eik finst noko hassel, bjørk og osp. Tretettleiken er ganske høg, noko som bidreg til å stabilisere råmetilhøva. Fleirtalet av eikene er òg ganske storvaksne/gamle, ofte 40-60 cm dbh (einskilde opp til 80 cm dbh). daudvedelement er nesten fråverande. Feltsjiktet er prega av beitehevd og har ein triviell samansetning av gras og mosar. Det renn ein bekk gjennom biotopen og ned til sjøen.

Artsmangfold: Nokre krevande eller uvanlege/sjeldsynte kryptogamar er funne. På eik m.a. *Pachyphiale carneola* (VU), *Catinaria atropurpurea* og *Arthopyrnia fraxinea*, og i bekken m.a. bekkeskeimose. Ein mogleg ny lavart for Noreg er òg samla inn.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eikehagen vert nytta til beite (sau).

Verdivurdering: Ganske stor eikehage med høvevis gamle eiketre og førekomst av uvanlege til sjeldsynte kryptogamar både bunde til eik og til bekkedrag. Lokaliteten er derfor klart viktig. Om det skulle syne seg at lokaliteten òg husar ein ny lavart for Noreg bør verdien aukast til svært viktig.

Skjøtsel og hensyn: Beitebruken kan godt halde fram, men ein bør unngå tilførsel av gjødsel, både direkte og indirekte (via husdyr som t.d. får tilleggsfôr). Den relativt høge tretettleiken er positiv og eikehagen bør derfor ikkje tynnast ut.

113, Fisterfjellet V, Rik edellauvskog (Rikt hasselkratt) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008802). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett nord for Fister, og vender mot sørvest. Avgrensinga er noko usikker og kunne moglegens vore større. Den er avgrensa mot veg og berg i nord og vest, rydda kraftline og granplantefelt i aust og forstyrta eldre kulturmark i sør.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Hoveddelen av avgrensinga er rikare lauvskog, men i sør og vest er det òg inkludert restelement av ein gamal lauvingshage. Lauvskogen har eit tresjikt dominert av bjørk, hassel, ask og svartor. Det inngår òg alm, selje, morell og kristtorn. Vegetasjonsrikdommen varierer. Bregner, kvitveis, gaukesyre, blåknapp og vivendel preger fattigare parti, medan det i rikare parti fins ramslauk, vårmarihånd, tveskjeggveronika, skogsalat og enghumleblom. I sørvest er det restar av ein gamal lauvingshage med om lag 10 stk gamle og hole, tidlegare lauva asker. Det er òg fleire halvgamle og dels grovdimensjonarte eiketre (ikkje tidlegare lauva/styvde).

Artsmangfold: Fleire sjeldsynte og trua lavarter er funne på gamal styva ask i sør (*Gyalecta truncigena* (VU), *Thelopsis rubella* (VU) og *Thelotrema macrosporum* (EN)). Det er òg funne krevande/sjeldsynte lav på eik, og på hassel i edellauvskogen (*Arthonia cinnabarina* (VU), *Arthonia didyma*, *Pachyphiale carneola* (VU)).

Bruk, tilstand og påvirkning: Ein driftsveg og noko hogst nær denne har redusert den opphavelige biotopen noko. Alle dei gamle styvingstrea/asketrea har vore hardt tilbakeskåret ganske nyleg, og dette har trea tatt stor skade av.

Fremmede arter: Edelgran har vekse opp nær styva ask og stor eik i SV.

Verdivurdering: Rikare edellauvskog og restfragment av gamal styvingshage, både stader med førekomst av krevande oseaniske lavararter. Noko forringa kvalitet etter inngrep (i SV) og berre små bestander av dei mest krevande artane gjer at lokaliteten ikkje vurderast høgare enn viktig.

Skjøtsel og hensyn: Edellauvskogen bør få utvikle seg fritt. Dei gamle styvingsaskene og eiketrea bør stilles fri for stubbeskott/buskoppslag, og edelgran bør fjernast. Ytterlegare terrenginngrep eller hogst bør ikkje skje. Framtidig styving må skje skånsomt og etter aksepterte metodar.

114, Sjøbuberget, Rik edellauvskog (Or-askehog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008830). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Sjøbuberget, rett nord for Moldfall naturreservat. Avgrensinga omfattar rikare edellauvskog og artsrik vegkant. Den grensar til vegbana i vest, og ellers til bergskrentar og høgareliggande mindre rik lauvskog og granplantefelt. Berggrunnen er av glimmerskifer/fyllitt.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstyper: Fleire utformingar og overgangsformer av rik edellauvskog inngår. Ask, hassel og svartor er dei dominerande treslaga. Bjørk, selje og alm inngår òg. Lengst søraust står skogen på storsteina, mosekledd blokkmark. Feltsjiktet der er rik på bregner (ormetelg, skogburkne, hengeving m.fl.) og m.a. inngår junkerbregne, skogsvineblom, stankstorkenebb, brunrot, vendelrot og mykje lundgrønaks. Ovanfor vegen i vest er det bratte skrentar med stadvis særleg rik flora; vårmarihånd, breiflangre, litt stortveblad, junkerbregne, kranskonvall, vårerteknapp, skogvikke, myske, sanikel, brunrot, skogsvinerot, skogsalat, eføy, lundgrønaks, skogsvingel og skogstorr. Lausmasseskrentene veksler med mosekledd bergrygger og bergveggar. Vegkanten er òg ganske rik på basekrevande urter og gras, og det finst òg ein førekomst av stortrollurt. Lauvskogen varierer i alder og struktur. Den eldste skogen er den på blokkmark i søraust. Der fins ask på 50 cm dbh. Noko daud ved førekjem, men kontinuiteten er svak. Ovanfor vegen i vest er skogen generelt tynnstamma og relativt ung.

Artsmangfold: Generelt artrik lokalitet med m.a. høg plantediversitet. Fleire uvanlege og sjeldsynte oseaniske lavararter er funne; m.a. Degelia cyanoloma (VU), blyhinnelav, rund porelav og buktporelav. Stortrollurt (VU) er ein sjeldsynt plante som veks i vegkanten nord i avgrensinga.

Verdivurdering: Ganske stort areal med rik edellauvskog i ulike utformingar, til dels av ganske høg alder. Generelt artrikt område med mange krevande artar funne. Vurderast derfor som klart viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep. Veggaltning bør ikkje skje. Kantklipp av vegkanten kan vere positivt, men må skje på hausten eller seint på sommaren.

115, Vassvikfjellet N, Gammel lauvskog (Fuktig kystskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppunder Vassvikfjellet, rett sør for Steinslandsvatnet. Avgrensinga omfattar ein nordvendt bjørkeskog og mindre areal med svartorskog. Den er avgrensa mot åpen kulturmark og tidlegare avgrensa prioritert naturtype i nord, og elles til skogsmark med lågare naturverdi.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstyper: Bjørk dominerer tresjiktet med unntak av den slake nedste delen av lia der svartor er meir vanleg. Nokre stader finst òg rogn, selje, osp, hegg og/eller ask. Vegetasjonen varierer ein del. Frodig intermediær bregneskog er vanlegast, men det er òg rikare parti med ein del urter, samt fattigare parti med blåbærskog. Mengdearter er hengeving, skogburkne, saueteig, blåbær, tepperot, smyle, gulaks, gaukesyre og trollurt. I rikare parti inngår junkerbregne, ormetelg, vendelrot, skogsvinerot, bringebær og/eller kranskonvall. Den slake, fuktige svartordominerte skogen i botn har eit meir beiteprega/grasrikt feltsjikt med m.a. sølvbunke, smyle og kratlødnegras. Skogen er generelt ganske gamal og høgvaksten, bjørka er ofte 30 cm dbh. Spreinga i alder og dimensjonar er likevel ikkje stor, og kontinuiteten i daud ved er låg. I aust er det mosekledd blokkmark med fleire særskilt gamle bjørketre.

Artsmangfold: Det er spreidd førekomst av hyperoseaniske og uvanlege/sjeldsynte kryptogamar innanfor avgrensinga. Det er m.a. gjort fleire funn av grå buktkrinslav (EN). Hodeskoddelav (VU) og eikelav (NT) er funne på svartor nedst i avgrensinga. Ellers nemnast rund porelav, buktporelav, Arthonia arthonioides og kort trollskjegg (NT). (Sub)oseaniske mosar som storstylet og raudmuslingmose er vanlege. Gullhårmose, småstylet og fleinljamose finst òg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Den nedste delen (svartorskogen) er noko negativt råka av høgt beitetrykk/tråkkadar og spreing av blautgjødsel/gylle.

Verdivurdering: Stort areal med lågtliggande, fuktig og relativt gamal boreal lauvskog med spreidd førekomst av krevande og sjeldsynte kryptogamar. Lokaliteten er utan tvil viktig, kanskje særskild viktig.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er bunde til skogleg kontinuitet og eit stabilt fuktig skogklima. Lokaliteten bør derfor settes av til fri utvikling utan inngrep. Ein bør unngå gjødselspreiing nær biotopen.

116, Tuntland NA, Gammel fattig edellauvskog (Svartorskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg under Vassvikfjellet, rett sør for Steinslandsvatnet. Avgrensinga omfattar ei lita bekkedal med eldre svartorskog. Den er avgrensa mot åpen til halvåpen kulturmark med lavare naturverdi.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det meste av svartorskogen er fastmarksskog, men noko er forsumpa (fattig sumpskog). Feltsjiktet er prega av bregner, gaukesyre, smyle, gulaks, sølvbunke, gråstorr og myrfiol. Skogen er halvgamal og fleirsjiktet.

Artsmangfold: Den sjeldsynte og truga arten kystskoddelav (EN) er funne på to tre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Biotopen er utsett for negative kanteffektar (vindtrekk og solinnstråling). Utkanten av biotopen er òg negativt påverka av gjødselspreiing.

Verdivurdering: Lita men ganske godt arrondert svartorskog med førekomst av sjeldsynt(e) art(er). Denne kombiansjonen gjer at lokaliteten er vurdert som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Biotopen bør settes av til fri utvikling utan inngrep. Ein bør unngå gjødselspreiing nær biotopen.

117, Hjelm SSA, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Hjelm ved Steinslandsvatnet. Det er ein eikedominert skog med hovudsakleg sør- til austvendt eksposisjon. Den er avgrensa mot tidlegare avgrensa prioritert naturtype i nord og sørvest, og elles til inngrep (veianlegg i søraust) eller andre skogtyper.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eikedominert skog med stadvis mykje bjørk og einer (særskilt i nordaust). Hassel og rogn finst sparsomt. Det sentrale området er ganske bratt, grunnlendt og ujamnt av stein og bergflater. Ei matte av nøysame mosar preger botnsjiktet medan feltsjiktet er dominert av smyle, gulaks og stadvis blåbær. I nord og aust er det noko slakare terreng og snarare blåbær-blåtopp-vegetasjon. Eikeskogen varierer noko i alder, dimensjonar og struktur. Dei største og eldste trea står i nedre og sentrale delar av avgrensinga. Der er det fleire eiketre på 40-50 cm dbh. Eiketrea er truleg 80-150 år.

Artsmangfold: Fleire relativt sjeldsynte lavarter er funne. Desse veks i fyrste hand på eik, men òg på berg/stein og andre treslag. Til dømes er det flekkvis god førekomst av hodeskoddelav (VU) og praktlav (VU). Grå buktrinslav (EN) er òg funne fleire stader. Ellers nemnast brun blæreglye, eikelav (NT), sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltilav, Pachyphiale carneola (VU) og Thelopsis rubella (VU).

Bruk, tilstand og påvirkning: Biotopen grensar i nedkant til ganske nytt veiganlegg i sør. Området vert/ eller har ganske nyleg vore nytta til beite.

Verdivurdering: Ganske stort areal med temmelig gamal eikeskog som òg har førekomst av relativt mange krevande og trua kryptogamar. Dette gjer at lokaliteten er vurdert som særskilt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er bunde til skogleg kontinuitet og eit stabilt fuktig skogklima. Lokaliteten bør derfor settes av til fri utvikling utan inngrep. Eit moderat beite utan tilførsel av gjødsel kan vere positivt.

118, Kvamme V, Rik edellauvskog (Rikt hasselkratt) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Kvamme og Hjelmeland kyrkje, på nordsida av Steinslandsvatnet. Avgrensinga gjeld ei stripe med søreksponert edellauvskog. Lokaliteten er avgrensa mot berg og fattigare skogtyper mot nord, og elles til åpen til halvåpen kulturmark (beitemark) med andre eigenskapar og noko lavare naturverdi.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Edellauvskogen står for det meste på storsteina blokkmark. I aust er den stabil og mosekledd, men i vest er det meir ustabil rasmark med lavare mosedekning. Skogen er ganske småvaksen/krokvaksen og har nesten preg av kratt. Likevel er alderen på skogen relativt høg. Ask og hassel dominerer tresjiktet. I mindre mengd inngår svartor, rogn og bjørk. Mange asketre syner tydelege teikn på å ha vore styva/lauva ein gong i fortida, og nokre har utvikla hol stamme. Ingen av asketrea er likevel særskilt gamle eller grovdimensjonerte. Botnsjiktet er velutvikla (mykje mose), medan feltsjiktet er meir sparsomt utvikla, truleg grunna botnsubstratet (blokkstein).

Artsmangfold: Lokaliteten har eit velutvikla og rikt Lobarion-samfunn med mykje Lobarion-artar, særskilt på steinblokker. Eitt par raudlistearter er òg funne; på ask og hassel. Ei opplysing syner funn av vanleg blåfiltilav, blyhinnelav, sølvnever, lungenever, rund porelav, grynporelav, buktporelav, Pachyphiale carneola (VU) og Thelopsis rubella (VU).

Verdivurdering: Relativt gamal edellauvskog med rik førekomst av Lobarion-artar og mange halvstore og til dels hole, tidlegare lauva asketre. Samla sett ein variert biotop med mange viktige naturkvaliteter. er vurdert derfor som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep.

119, Ingvaldstad, Hagemark - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008794). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ingvaldstad NV for Årdal. Avgrensinga omfattar ein S-vendt lauvskog og parti med hagemark i utkant av lauvskogen. Den er avgrensa mot åpen kulturmark, med unntak i sør (nedkant) der avgrensinga er noko usikker.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Sentral del av avgrensinga er ganske tettvaksen lauvblandingsskog på ujamnt, steinete terreng. Tresjiktet er dominert av bjørk, osp og hassel. Ask og selje inngår òg. Der det ikkje berre er stein og ur er vegetasjonen beiteprega med dominans av grasartene sølvbunke, gulaks og sauesvingel. I utkanten av den lauvskogskledde ura er det eit meir åpent hagemarkspreg med

-Naturtypar i Hjelmeland kommune 2012 -

dominans av ask. Nokre av asketrea har vore lauva/styva tidlegare, og ei handfull har innhol stamme. Trea er ikkje særskilt gamle, dei største er 40-50 cm dbh.

Artsmangfold: Asketrea har ein moderat variert kryptogamflora med nokre Lobarion-artar slik som vanleg blåfylltav, kystnever, grynfylltav og rund porelav.

Verdivurdering: Gasnke gamal lauvskog samt element av askehage med tidlegare lauva asketre. Asketrea er særskilt verdfulle og husar ein moderat rik epifyttflora. Lokaliteten vurderast på dette grunnlag som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep. Frittståande asketre kan godt lauvast opp att (om det vert gjort på riktig vis). Eit moderat beite utan tilførsel av gjødsel kan vere positivt.

120, Vikemoen A, Rik edellauvskog (Or-askeskog) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nær Tøtlandsvik ved Jøsenfjorden. Avgrensinga gjeld eit ganske lite areal med rikare lauvskog/edellauvskog i SV-vendt dalside. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare boreal lauvskog.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Intermediær-rik or-askeskog i ganske bratt helling. Terrenget er steinate. Tresjiktet er dominert av ask, svartor og bjørk. I feltsjiktet fins m.a. skogburkne, kratthumleblom, krattmjølke, markjordbær, stankstorkenebb, skogsalat, gulaks og blå rapp. Berre eit fåtall asketre er så store som 50-60 cm dbh.

Artsmangfold: Skorpefylltav (NT), kystfylltav og vanleg blåfylltav er funne på ask.

Verdivurdering: Verdifull edellauvskog med stor ask, men lite areal gjer lokal verdi.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep.

121, Vormo, Gråor-heggeskog (Flommarksskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008791). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Tøtlandsvik ved Jøsenfjorden. Avgrensinga omfattar meir eller mindre flompåverka gråor-heggeskog langsmed vassdraget Vorma.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Gråor-heggeskogen er moderat til sterkt fleirsjiktet og middelaldra til ganske gamal. Det er ganske godt med daud ved i dei eldste partia, men kontinuiteten i daudt trevirke er heller svak. Dei største trea er om lag 30 cm dbh. Feltsjiktet er trivielt og gras- eller bregnedominert med m.a. saueteig, skogburkne, gaukesyre, smyle, gulaks og sølvbunke. Forutan gråor er det ein del hegg, svartor og bjørk, medan rogn og ask finst i mindre grad.

Artsmangfold: Ingen spesielle eller uvanlege artar funne, men lokaliteten er ikkje godt undersøkt. Orelav er ganske vanleg. På stein i vassdraget er det ganske store bestand av evjeelvemose og duskelvemose.

Fremmede artar: Platanlønn forekjem sparsomt.

Verdivurdering: Ganske stort areal med flompåverka og relativt gamal gråor-heggeskog. Sjølv om det ikkje er funne krevande artar vurderast lokaliteten som viktig utfra generelle tilhøve som størrelse, høg produktivitet og sjønær plassering.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep.

122, Nonsskardet, Gammel lauvskog (Gammelt ospesholt) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008847). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Undestølsvatnet og Nonsskardheia, sør for Tøtland. Avgrensinga omfattar gamalskogen langsmed ein stor bekk i bekkedal. Den er delvis avgrensa på grunnlag av topografi og skogstruktur, men i vest mot nyframført traktorveg.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Relativt gamal og storvaksen osp-furuskog i botn av ganske vid bekkedal. Forutan osp og furu finst noko bjørk og litt rogn og selje. Furua er høgstamma og opp mot 150-200 år. Ospa er ofte 30-40 cm dbh, og nokre er 50-60 cm dbh og har utvikla grov sprekkebark. Minst ei stor selje på 70 cm dbh inngår òg. Biotopen har ein del grov daud ved i form av ståande daud furu. Fattig blåbær- og småbregne-vegetasjon dominerer, med blåbær, hengeving, smyle og linnea. Flekkvis er det noko rikare, særskilt nærast bekkedalen der det òg inngår litt skogfiol, markjordbær, firkantperikum, mjødurt, skogstorkenebb og bleikstorr.

Artsmangfold: Fleire moderat krevande kryptogamar er notert frå osp og selje, m.a. vanleg blåfylltav, skorpefylltav (NT), skrubbenever, kystfylltav og *Bacidia caesiorens*.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko kunstig avgrensa av nyframført traktorveg som er graven ut i vestre dalside. Beskjeden plukkhogst er foretatt i det sambandet.

Verdivurdering: Avvikande gamal og storvaksen ospeblanda furuskog tilseier avgrensing som prioritert naturtype. Lite areal og noko forringa av terrenginngrep og plukkhogst avgrensar verdivurderinga til lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan ytterlegare inngrep.

123, Ullestadjuvet (bekkekløfta), Bekkekløft og bergvegg (Bekkekløft) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008805). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ullestad søraust for Årdal. Avgrensinga gjeld ei markert og djup bekekløft (med unntak av ei større fosserøysone som er avgrensa som prioritert naturtype tidlegare). Lokaliteten er dels avgrensa på topografisk grunnlag, dels mot granplantefelt og anna skogsmark med antatt låg naturverdi. I nord dessutan mot veg.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bekkekløfta er skarpt nedskåre med særleg bratte dalsider og steile bergveggar nedst mot vassdraget, men terrenget er slakare i høgda, særskilt på sørsida av kløfta. Bekkedalen har ein variert lauvskog med stor treslagssamansetning der både ask, svartor, selje, rogn, bjørk og hassel er vanleg, medan hegg, alm og lind finst i mindre mengd. Vegetasjonen varierer mykje i rikskap med både blåbær-, småbregne- og rikare lågurt-utformingar. I rike parti finn ein m.a. junkerbregne, trollurt, markjordbær, kranskonvall, brunrot, kratthumleblom og skogsvingel. På bergveggar ofte krusfellmose, svartburkne m.fl. Skogalderen og tredimensjonane er moderate, men det finst spreidd relativt gamle og grove tre, m.a. er det observert innhol ask på 60 cm dbh og alm på 40 cm dbh.

Artsmangfold: Bekkekløfta ikkje undersøkt godt. Sørsida av kløfta er ikkje besøkt. Nokre kravfulle epifyttar er likevel funne slik som kystnever, buktporelav og Thelopsis rubella (VU).

Verdivurdering: Velarrondert bekekløft med moderat gamal og "intakt" og ganske rik lauvblandingsskog. Få krevande artar funne, men det er truleg både fleire og meir krevande artar til stades. Lokaliteten vurderast derfor som viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep. Vassføringa bør ikkje reduserast.

124, Kalltveit N, Gråor-heggeskog (Flommarksskog) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Dette er ein revisjon av tidlegare registrert naturtype (BN00008841). Eventuell relevant informasjon frå tidlegare kartlegging er ført vidare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Kalltveit og Rivjaland, aust for Årdal. Avgrensinga omfattar eit restfragment av flaumpåverka oreskog inkludert flaumløp og små sidevassdrag til hovudvassdraget (Storåna). Lokaliteten er avgrensa mot dyrka mark, veg og vassdrag.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Skogen er dominert av svartor. Litt bjørk, rogn, hegg og øyrevier inngår òg. Svartorskogen er ein blanding/mosaikk av fastmark og sumpmark. Blåtopp og småbregner preger feltsjiktet. Andre meir eller mindre vanlege artar er myrflol, myrmaure, kvitveis, gaukesyre, skogstjerne, stjernestorr, bleikstorr, sølvbunke, smyle, gulaks og englodnegras. Skogen er generelt ung, tett og tynnstamma grunna tidlegare gjennomhogst/flatehogst. I nordvest renn det ein sidebekk som har frodig og variert vann- og kantsonevegetasjon med m.a. grøftesoleie, sumpmaure, tusenblad, krypsiv, bekeblom, vendelrot, mjødurt, myrtistel, sløkje, slåttestorr, flaskestorr og strandrør.

Artsmangfold: Orelav finst spreidd. Meir krevande artar er ikkje funne, og potensial for slike er inntil vidare dårleg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Hardt påverka av hogst tidlegare.

Fremmede artar: Gran er planta inn (eller har spreidd seg inn) i delar av området, særskilt i aust.

Verdivurdering: Større areal med flaumskog i låglandet har vorte uvanleg, og slike miljø har ein særskilt viktig funksjon for dyre- og plantelivet grunna høg produktivitet, høg luftfukt og andre gunstige tilhøve. Låg skogalder og mangel på funn av meir krevande artar avgrensar vurderinga til lokal verdi.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan ytterlegare inngrep. Ein bør avgrense eventuell avrenning frå jordbruksareala.

125, Svadbergfjellet NA, Gammel lauvskog (Fuktig kystskog) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland sommaren 2012 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Hjelmeland på oppdrag frå fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer "Norsk raudliste for artar 2010".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordaust-sida av Svadbergfjellet i Årdal. Avgrensinga gjeld ein ganske gamal, nordvendt lauvblandingsskog. Den er ganske omtrentleg avgrensa mot mindre storvaksen bjørkedominert skog med lågare naturverdi, bergveggar, og i nedkant til yngre/ung skog etter hogst.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Treslagssamansetning og rikskap varierer. I øvre parti er det mest bratt og grunnlendt blåbær-bjørkeskog med spreidd ospeholt. Trea der er heller småvaksne og krokete. Lengre ned står mykje av skogen på storsteina ur eller skredmark, og der er vegetasjonen både rikare og treslagsvariasjonen større med både bjørk, selje, rogn, gråor, hegg, hassel og litt ask. I dei rikaste partia står det skogsvingel. Elles er det innslag av ormetelg, raggtelg, stankstorkenebb og gaukesyre. Blandingsskogen er relativt gamal og strukturrik. Dei største seljetrea er opp mot 60 cm dbh. Andre treslag er sjeldsynt over 40 cm dbh.

Artsmangfold: I høgda er det stadvis godt med gullhårmose og storstyle. Der blei òg hodeskoddelay (VU) funne på bjørk. På lågare høgd er det notert nokre Lobarion-artar på rikkbarkstre, m.a. vanleg blåfylltav, lungenever, skrubbenever, rund porelav, grynporelav og buktporelav.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Verdivurdering: Relativt gamal og variert lauvskog med førekost av nokre moderat krevande artar. Litt lite areal og ikkje funn av meir krevande artar gjer at lokaliteten er vurdert som lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør settes av til fri utvikling utan inngrep.

126, Askvika, Artsrik veikant - Verdi A.

Innledning: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 24.04.2008 basert på eige feltarbeid saman med Leiv Krumsvik 30.09.2007 og tidlegare besøk av sistnemnde. Besøkt og av Kjell Magne Olsen 28.06.2012 (og observert frå bil av Kjell Magne Olsen og John Inge Johnsen 26.06.2012).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen artsrik vegkant og ligg i Askvika ved vegen til Randøy. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Viktigaste vegetasjonstype er eng- og høgstaudevegetasjon langsmed vegkanten, med innslag av hasselbuskar, buskfuru og småask.

Artsmangfold: Viktigast var fire planter av den sterkt truga raudlistearten skjeeggknoppurt (ein) i 2008. Arten var tidlegare mykje meir talrik i Askvika, men står no i fare for å forsvinna heilt. Av planter elles vart det notert m.a. gjeldkarve, haremat, hassel, landøyda, markjordbær og revebjølle. I 2012 vart ikkje skjeeggknoppurt funne, og sjansane for at den framleis finst på lokaliteten vurderast som svært liten, men det må undersøkast ein gong til seinare i sesongen før den kan skrivast heilt av.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ein vegkant som vert slått, og dessutan påverka av forureining (gassar og støv) frå trafikken. 2012: Nord for vegen er det både kantslått og sprøyta, sør for vegen er det sterkt attgrodd.

Fremmede artar: Framande artar var skvallerkål og buskfuru.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av bestandar av ein raudlisteart i kategori ein (sterkt truga) på raudlista, men status vurderast som svært usikker, og det må gjerast oppfølgjande undersøkelser.

Skjøtsel og hensyn: Det er svært viktig med slått av vegkanten, og då berre ein gong slått pr. år, og helst seint, gjerne i august. Ein bør unngå sprøyting og fysiske inngrep som t.d. grøfterensk, og opphøyr av kantslått med påfølgjande attgroing. Bestanden er svært liten og sårbar, og bør overvakast årleg.

127, Sæbø, sør for, Viktig bekke drag - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er tidligere kartlagt (BN00008825), men skildringa er særskild mangelfull. Og undersøkinga 28.06.2012 er mangelfull med omsyn til elva, men Kjell Magne Olsen, BioFokus, gjorde noko meir grundige undersøkingar av edellauvskogen som grenser til elva på nordsida, og denne delen inkluderast i området. Verdien justerast ned frå A til B, sjå verdivurdering.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Avgrensinga gjeld elvestrekninga mellom Steinslandsvatnet og sjøen like ved Hjelmeland kirke, samt noko flomskog og edellauvskog i skråninga på nordsida av elva, opp mot Sæbø.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Elvestrekninga er nokså rettlinja og med eit fall på om lag 12 m over ein strekning på om lag 580 m, der mesteparten av fallet er i den nedre halvdel. Elva er det stort sett steinete, men parti med grus og sand finst òg. Steinene i elva har mykje overtrekk av kjøllemose, algar og ferskvannssvamper. Parallelt med elveløpet går i øvre del eitt eller fleire flomløp som er heilt tørre ved normalvannstand. Langsmed flomløpa står ein god del jordnøtt. Frå desse flomløpa og vidare opp er det fyrst bratte og dels nakne leir- og jordbredder, før noko, men framleis glissen, vegetasjon tar over. Den nedste delen kan skildres som svartor-heggeskog, medan det oppover i skråninga blir meir edellauvskog med ask, iblanda noko hassel og andre lauvtre. I området blei det i 2012 funne vårkål, sprikemoldmose, oremoldmose, strandrøyr, matsyre, bekkelundmose, skogburkne, hengeving, gran, svartpoppel, selje, svartor, bjørk, hassel, bøk (store tre sør for elva, frøplanter og småtre på nordsida), raud jonsokblom, bekkeblom, bakkesoleie, skogkarse, mjødurt, kratthumleblom, morell, hegg, bringebær, rogn, gaukesyre, stankstorkenebb, spisslønn, legeveronika, vendelrot, sumphaukeskjegg, ugrasløvetenner, fredlaus, myrmaure, ask, sølvbunke, markrapp (stedvis i store matter med sterile planter), skjellgrye, stortaggmose, kystmoldmose, dverglommemose, stubbefauskmose, krypsilkemose, rottehaletmose, kysttornemose, flatfellmose, bekkegråmose (i elva), bekkerundmose (i elva), kystkransmose, krusgullhette, gulband, flikvårmose. Ein del daud ved, men mest av små dimensjonar. Nokre grove askekallar.

Artsmangfold: Potensialet for elvemusling blei under feltarbeidet vurdert som brukbart, og søk på Artskart seinare har vist at arten tidlegare er registrert her, seinast i 1995. Det blei ikkje gjort ferskvannsundersøkingar i 2012.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området er lite i bruk i dag, men ein gamal veg gjennom området er framleis synleg. Stadvis ligg ein del søppel og skrot. Nettinggjerd langsmed den gamle vegen. Nokre av dei gamle askene kan ha vore styva i tidlegare tider. Det er jordbruksareal på oversida av skråninga (på ortofoto ser det ut som frukt- og/eller bærhagar), og det kan vere noko påverknad av kjemikaliebruk i samband med desse.

Fremmede artar: haustberberis, stikkelsbær, svartpoppel, platanlønn, ein iris- og ein rips-art. Ein del oppslag av bøk skyldast ein rad med store bøketre langsmed sørsida av vegen.

Del av heilskaplig landskap: At lokaliteten har funksjon som leveområde for elvemusling heng saman med at arten finst langsmed Husstølåna på den andre sida av Steinslandsvatnet, hvor eit levande individ blei observert i 2012.

Verdivurdering: Lokaliteten hadde tidlegare verdi A, men justerast ned i 2012 til B på grunnlag av dei observasjonar som blei gjort då. Elvemuslingbestanden er likevel ikkje undersøkt på nytt, og om denne viser seg å vere betydelig, må verdien settes opp att til A.

Skjøtsel og hensyn: Hovudsakelig fri utvikling. Søppel og skrot bør ryddast bort.

128, Steinslandvatnet øst, Evjer, bukter og viker (Bukter og viker) - Verdi B.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Innledning: Lokaliteten er tidlegare kartlagt (BN00008826), men skildringa er særskild mangelfull. Undersøkt av Kjell Magne Olsen, BioFokus, 28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i fleire kommuner i Rogaland. Avgrensing, skildring og verddivurdering er justert i 2012. Feltarbeidet i 2012 avgrensa seg til bukta og beitemarka heilt i nord.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar den austre delen av Steinslandsvatnet, med den store bukta i nordøst og sør til og med bukta sør for Steinsland. I nord og langsmed austbredden aust er òg beitemark som strekker seg opp til Fv660 og Husstølåna tatt med, inkl. Eit seljetre som står oppe ved vegen i nord.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Hovuddelen av lokaliteten er evjer, bukter og viker, der særleg bukta i nordaust er viktig – bukta i sør er mindre vegetasjonsrik. Langsmed store deler av breidda er det rik helofyttvegetasjon med flasketorr, takrøyr og sjøsvaks, stedsvis òg bukkeblad, som dominerande artar. Nokre stadar er det mudderbanker/gruntvannsområde utanfor helofyttbeltet, med ein del gul og kvit nykkerose. Fleire stader innafor avgrensinga er det beitemark, fortrinnsvis beita av sau. I beitemarka i nord er det mykje sølvbunke. Langsmed breidda finst nokre små sand- og grusstrender. Totalt i området blei følgjande karplanter registrert: harestorr, myrhatt, sølvsvaks, krypsiv, strandrøyr, matsyre, fjellblom, hanekam, stivt brøsmegras, elvesnelle, vasspepper, tungras, byhøymol, kjeldeurt, linbendel, bekkestjerneblom, grasstjerneblom, gul nykkerose, kvit nykkerose, bekkeblom, bakkesoleie, grøttesoleie, krypssoleie, evjesoleie, engkarse, brønnekarse, sylblad, mjødurt, tepperot, myrflod, sumpforglemmegei, dikevasshår, skaftevjeblom, åkermynte, kattehale, bleikveronika, sløke, botnegras, nyseryllik, åkersvineblom, guldusk, bukkeblad, myrsauløk, myrmaure, flotgras, ryllis, knappsiv, trådsiv, småstorr, kornstorr, flasketorr, sennegrass, damsvaks, fjæresvaks, sjøsvaks, krypkvein, knereverumpe, sølvbunke, raudsvingel, mannasøtgras, englodnegras, takrøyr og tunrapp. Langsmed vegen i nord står ein relativt liten selje som husar ein raudlista moseart.

Artsmangfold: Parkmose (VU) på seljetre ved vegen i nord. Dette er ein epifyttisk mose som krev "varmt" og fuktig klima, med kjent utbreiing avgrensa til Hordaland og Rogaland. Dei fleste funn av arten er frå før år 1900. Skaftevjeblom (NT) står på grunt vann i nord. Ein liten bit av ein elvemusling (VU) blei funne på ein av grusstrendene. Det er ikkje kjent om arten finst i sjølve Steinslandsvatnet, men den finst i elvene både ovanfor og nedanfor vannet. truleg utgjør området ein bra viltbiotop, m.a. for ande- og vadefugler. Strandsnipe (NT) med ein unge blei observert i 2012.

Bruk, tilstand og påvirkning: Berre beitemarka i nord blei undersøkt i 2012 – her var det påverknader i form av grøf팅, truleg òg gjødsling. På eit beite lenger sør er det òg tydelege grøfter å sjå på ortofoto.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Verdivurdering: Området er vurdert som viktig, B, då det er ein del raudlistearter her, og vegetasjonsrike bukter og viker generelt har høgt potesial for å huse interessante invertebratar.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite på jordene, men sjå til at slitastien ikkje blir for sterk. Avgrensing gjødsling. Sørge for at seljetreet med parkmose får stå i fred.

129, Husstølåna, Viktig bekkeedrag (Meanderende parti med naturlige kantsoner) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er tidlegare kartlagt (BN00008814), men skildringa er særskild mangelfull. Òg undersøkinga 28.06.2012 er særskild mangelfull: Kjell Magne Olsen, BioFokus, observerte elva berre frå broa over mot Steinsland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Elva strekk seg frå Husstøl og ned til Steinslandsvatnet.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Stedsvis meanderende elv med sand- grus- og steinbotn. Varierende breidde på kantsonar, men i hovudsak er det ein smal kant av tre og buskar på både sider av elva. Utafor denne sona er det jordbruksareal langsmed nesten heile strekninga. På det undersøkte punktet ved Steinsland er botnen dekt av steinar av varierende dimensjonar, og med flekker av sand og grus. Mange av dei litt større steinane har eit overdrag av trådforma grønnalgar.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er i liten grad undersøkt, men det blei like ved broa observert eitt eksemplar av elvemusling (VU). Status for elvemusling er ikkje undersøkt i dette samband, men på Artskart ligg fleire funn inne, både frå denne elvstrekninga og frå elvstrekninga mellom Steinslandsvatnet og sjøen; seinast frå 1995.

Bruk, tilstand og påvirkning: Usikkert, men ikkje utruleg at det er ein del påverknad frå jordbruket i området.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Elva strekk seg vidare søraustover i høve til den biten som er kartfesta i naturtypesamanheng, samt at den greinar seg eit par stadar, men det er ikkje undersøkt om desse delane er brukbare for elvemusling. Arten finst som nevnt òg i elvstrekninga frå vannet og ned til sjøen, òg der seinast sett i 1995.

Verdivurdering: Elvemusling er generelt ein truga art, utsatt for mange slags påverknader, så det er viktig å ta vare på dei populasjonane som fortsatt finst. Lokaliteten får derfor mellombels verdi B, men om bestanden av elvemusling er stor, bør den justerast opp til A.

Skjøtsel og hensyn: Ingen klåre trusler identifisert, men undersøkingane har ikkje vore grundige. Tilførsel av gjødsel og kjemikalier må avgrensast så langt det lar seg gjere.

130, Kleppa, sør-sørvest for, Nordvendte kystberg og blokkmark (Sørlig, oseanisk moseutforming) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten var tidlegare ein del av ein større naturtypelokalitet med navn Askvika, BN00008795. Denne var karakterisert som rik edellauvskog, med verdi A og med følgjande skildring: "Veiskråning og edellauvskog. Fyllitt. sjeldsynte planter". Etter tidlegare kartavgrensing omfatta området òg ein beite-/slåttemark nokså nær vegen i sør. Den 28.06.2012 blei alle delar av området undersøkt av Kjell Magne Olsen, BioFokus, men beitemarka og "edellauvkogen" (som i hovudsak er ganske ungt hasselkratt og bjørk) blei ikkje vurdert som særskild interessant for biologisk mangfald. Derfor er berre den høgastliggande delen av det opphavlege området behalde, dvs. den bratte bergveggen og rasmarka like nedanfor denne, og naturtypen er endra til Nordvendte kystberg og blokkmark. Det blei likevel berre gått langsmed om lag 150 m av bergveggen. Verdien er på same tid endra frå A til B.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein bratt og skyggefull, dels fuktig, bergvegg og den aller øverste delen av ura/rasmarka nedanfor (hovudsakelig er dette særskild finpartikulært materiale som er danna ved erosjon i bergveggen). Berget er ifylgje tidlegare skildring

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

fylt, og er difor noko baserikt. Ymse treslag, m.a. ein del gran, står i rasmarka heilt opp til bergveggen, og gjer at den nedste delen stort sett ligg i skygge.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bratt, dels overhengande berg som stort sett er vest–nordvestvendt, oppsprukke og porøst og med mange små sprekkar og hålrø. Stadvis overrisla. Floraen omfattar m.a. svartburkne, skogburkne, skjørlok, ormetelg, junkerbregne, hengeving, teiebær, gaukesyre, stankstorkenebb, lind (minst éin stor klon), trollurt, krattmjølke, bergflette, blåklukke, skogsalat, vårmarihand, hengeaks, stivkulemose, stivlommose, krypsilkemose, drønningmose, kysttornemose, krusfellmose, kalktuffmose, krusfagermose, skorteagnemose, revemose, fettmose, spindelmose, stripefoldmose, gulband og flikvårmose.

Artsmangfold: Skorteagnemose (DD) veks nedst på bergveggen. Det er usikkert kva som meinast med "sjeldsynte planter" i den opphavlege skildringa. I Artskart er det berre eit funn av raudflangre frå 1989 som er registrert i området (leg. K.A. Lye) – ein art som er relativt sjeldsynt på vestlandet. I 2012 blei det funne ein flangre som ennå ikkje var komen ordentleg i blomst på om lag same stad, men denne er mellombels klassifisert som breiflangre (sjå foto). Nokre stader, hovudsakelig litt ned i hasselskogen, står òg vårmarihand.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ingen i dag, men det er sannsynleg at gran vil takast ut på sikt, og då vil lys- og råmehøve kunne endrast.

Fremmede arter: Edelgran.

Del av heilskaplig landskap: fleire stadar i regionen finst tilsvarande miljø.

Verdivurdering: Skorteagnemose fortentar truleg ein relativt høg raudlistekategori, og særleg på grunn av denne er verdien satt til B. Lokaliteten har bra potensial for fleire sjeldsynte og raudlista artar.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. I størst mogleg grad take vare på ein brem av tre langsmed foten av bergveggen for å oppretthalde lys- og råmetilhøve.

131, Hauskje, Nordvendte kystberg og blokkmark (Sørlig, oseanisk moseutforming) - **Verdi A.**

Innledning: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 24.04.2008 basert på eige feltarbeid saman med Leiv Krumsvik 30.09.2007 og tidlegare besøk av sistnemnde (m.a. i 2006). Lokaliteten blei òg besøkt av Kjell Magne Olsen, BioFokus, 28.06.2012. Avgrensingen blei noko endra på grunnlag av dette.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Hauskefjellet nokre kilometer sørvest for Hjelmelandsvågen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er nordvendte kystberg og blokkmark. Sentralt i lokaliteten er eit skifrig, vestvendt berg med overheng, og buskar av hassel og svartor framafor. Av planter vart det notert m.a. hjortetunge, bergmjølke, blåklukke, blåkoll, enghumleblom, fagerperikum, geittelg, hassel, kystmaure, lundrapp, markjordbær, murburkne, skjørlok, skogfiol, skogsalat, smørbutikk, småsmelle, svartburkne, svartor, svensk asal, trollurt og vivendel. Atskillege lav- og mosearter veks på bergveggen, men mosefloraen er ikkje godt undersøkt. I 2012 blei kalkmose, skjøtmose og skorpelaven "jernkantlav" *Lecanora handelii* notert. Ifylgje Norsk LavDatabase er sistnevnte ikkje tidlegare registrert i Rogaland.

Artsmangfold: Viktigast er funne av den særskildsynte hjortetunga (VU), attpåtil eit funn som er uventa langt frå kysten (først funnen av Leiv Krumsvik, Imsland i 2006). Arten blei ikkje observert i 2012, men registranten var ikkje klar over at den skulle vere der, så den blei ikkje særskilt ettersøkt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det går ein skogsveg rett forbi, og det er hogge ein del ved i området. Det er og større granplantefelt i området. Området har vore beita av sau.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Det er ikkje heilt utenkelig at det kan finnes fleire bergveggar med brukbare høve for hjortetunge i regionen.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (særskild viktig) fordi det er ein plantegeografisk viktig utpostlokalitet for raudlistearten hjortetunge. Her er òg potensial for sjeldsynte lav og mosar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Ein bør følgja med vitaliteten til hjortetunga. Hogst kan føra til uttørring og dårlegare tilhøve og bør derfor unngåast i eit område rundt førekomsten. På same måte bør ein unngå treslagskifte. Men det kan og tenkjast at lauvskogen med tida kan laga for mykje skugge og derfor bør tynnast. Bestanden bør overvakast årleg.

133, Eikehaug, Store gamle trær (Eik) - **Verdi B.**

Innledning: Trea er berre observert frå vegen 25.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Trea ligg like nord for Fv651 på nordsida av Randøya, nær Øyehamn.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen omfattar tre store eiker, og ei mindre/yngrer litt lenger vest; alle dei store om lag 1 m i diameter i brysthøgde. Detaljar omkring barkstruktur, holrom, daude greiner, epifyttar og tilknytta fauna er ikkje kjent.

Artsmangfold: Ikkje undersøkt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Trea står i eit hestebeite.

Fremmede arter: Truleg ingen.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Del av heilskaplig landskap: Det er ikkje sær mange store eiker i denne delen av Hjelmeland, men stadvis ein del eikeskog som òg inneheld eik. Desse store trea kan difor vere viktige vektorar for arters moglegheit for å spreie seg frå ein eikeskog til ein annan.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B på grunn av treas størrelse. Om grundigare undersøkingar kan vise at dei er innhole, eller at dei husar sjeldsynte og trua invertebratar og epifyttar, vil verdien måtte justerast opp.

Skjøtsel og hensyn: Viktig å fortsatt halde det åpent under og like rundt trea. Ein må òg unngå å gjødsle nær trea.

134, Ytre Dale, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er undersøkt av Kjell Magne Olsen, BioFokus, og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, 26.06.2012, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg like sør for Fv650 ved Ytre Dale på sørsida av Randøya.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Beiteområde med hagemark av eik, iblanda bergkanuser og blokkmark, samt flatare, gjødsle engareal. Spredte hasselrunner i nord, der det òg renner ein liten bekk. Eiketre opp til 245 cm i omkrets. Fylgjande karplanter blei registrert: gulaks, smyle, sisselrot, furu, einer, osp, hassel, gaukesyre, vrangdå, myrtistel og ask, men lista er ikkje uttømmende. Ein god del lav og mose på eikene (og nokre på bakken/i bekken): kastanjelav, grynfilltav, stiftfilltav, blanknever, brun korallav, rund porelav, gryn-porelav, Buellia griseovirens, Ochrolechia androgyna, Pertusaria albescens, Pertusaria flavicans, Thelopsis rubella, ryemose, ribbesigd, evjeelvemose, kløbbekemose, etasjemose, matteflette, musehalemose, kystbustehette, sigdnervemose, kystjammemose, bekkerundmose, kystkransmose, stortujamose og storstylte, òg noko sopp, t.d. eikemusling.

Artsmangfold: På eiketrea veks m.a. kastanjelav (VU) og Thelopsis rubella (VU). Sistnevnte veks vanlegvis på stammen av edle, ofte styva lauvtre (alm, ask, eik, lind) i kyststrok frå Rogaland til Sogn og Fjordane. Den er relativt sjeldsynt og er vurdert som sårbar for hogst, treslagskifte, mangel på styving og av utbygging. Spredte asker (NT) finst i området.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området blir beita, og i hvert fall dei flatare partia gjødslast.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Fleire stadar på Randøya finst spredte førekomstar av eikehagar og einskildtre av eik, og det er viktig å take vare på nok av denne naturtypen for at artar som er bunden til eik i eit visst stadium alltid har brukbart habitat tilgjengeleg.

Verdivurdering: Området får verdi B, då det er påvist nokre sjeldsynte/raudlista artar.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite. Unngå å spreie gjødsel på eiketrea i samband med gjødsling av jordene.

135, Gudlåsen, myr vest for, Kystmyr (Jordvannsmyr) - Verdi C.

Innledning: Undersøkt 26.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei myr vest for Gudlåsen, mellom Tømmeråsen og Sandangsvågen på sørsida av Randøya.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Fattig jordvannsmyr med pors og duskull som dominerande artar, meir furudominans langsmed kantane. Floraen omfattar småtranebær, kysteinstape, furu, einer, pors, risbjørk, bjørk, dikesoldogg, rundsoldogg, tepperot, kvitlyng, røsslyng, klokkeløng, blåbær, blokkebær, tyttebær, krekling, sivblom, rome, dystorr, sveltstorr, stormyrull, torvmyrull, kvitmyrak, bjørneskjegg og blåtopp. fylgjande lav og mosar blei notert: lys reinlav, grå reinlav, kystlommemose, heigråmose, kysttorvmose, vasstorvmose, kjøttorvmose, vortetorvmose, raudtorvmose, dvergtorvmose, myrglefsemose, myrsnutemose, sveltfingeremose og sveltskolvmose.

Artsmangfold: Ingen raudlista eller sjeldsynte artar blei observert. Buttsnutefrosk finst i området.

Bruk, tilstand og påvirkning: Sørensen er sterkt påverka av ein nyanlagt veg, noko som òg truleg har ført til eller vil føre til drenering, i alle fall i den delen av myra.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Generelt lite myr i denne delen av Hjelmeland.

Verdivurdering: Liten og dels påverka myr, men med typisk artsinventar, verdi C.

136, Skitnamyr, søraust for, Kystfuruskog (Oseanisk lågurt-furuskog) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 26.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Skogområde som strekk seg på både sider av grusvegen ned mot Hovda, vest for Tømmeråsen og sørøst for Skitnamyr/Kotatjørna. Terrengtet er svakt hellende mot vest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Middels fuktig furuskog med feltsjikt dominert av blåbær. Noko eik, rogn, bjørk, ask, gran og einer, samt minst ein stor barlind. Fleire av furutrea har store, klatrande bergfletter. Floraen elles omfattar smyle, hanekam, skogburkne, fugtelg, raggelg, broddtelg, geittelg, ormetelg, hengeving, sisselrot, øyrevier, hassel, kvitveis, bakkesoleie, skogkarse, kystmaigull, markjordbær, enghumleblom, tepperot, bringebær, gaukesyre, stankstorkenebb, kristtorn, trollhegg, firkantperikum, skogfiol, stormarimjelle, småmarimjelle, tveskjeggveronika, linnea, vivendel, blåknapp, tyttebær, skogstjerne, maiblom, knerot, hårfrytle, kornstorr og sølvbunke. Òg

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

ein del lav og mose, som bleiskjegg, grå fargelav, gamalgranlav, Micarea alabastrites, Pyrenula laevigata, Trapeliopsis pseudogranulosa, eplekulemose, fleinlånemose, bergsigd, blanksigd, stubbesigd, etasjemose, kystjammemose, kystbinnemose, narremose, fjærmose, kystkransmose, lyngtorvmose, stortujamose, matteblæremose, larvemose, Lecanora elatina, Micarea adnata og dvergperlemose.

Artsmangfold: Barlind (VU), ask (NT), Pyrenula laevigata. Faunaen i området er ikkje undersøkt, men m.a. blei dronningvevkjerring observert i felt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Vegen går om lag midt gjennom lokaliteten. Både nedst mot beitemarka ved Skitnamyr og ovanfor lokaliteten i aust er det granplantasjer, og biotopen har nok vore større tidlegare.

Fremmede arter: Edelgran står ved vegkanten.

Del av heilskaplig landskap: Det finst fleire liknande furuskoger i nærheten.

Verdivurdering: Liten, men relativt godt utvikla kystfuruskog med fleire raudlista artar, verdi B. Lokaliteten er viktig i metapopuljonsdynamikken til artar som er avhengige av denne typen habitat.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Fjerne framande artar.

137, Hovdeidet, Rik edellauvskog (Or-askehog) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 26.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein bratt sørvestvendt skråning vest for Hovda sørvest på Randøy. Avgrensinga mot nordvest er omtrentleg, og bør gås opp grundigare.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Rik edellauvskog med dominans av ask. Mot nordvest kjem det inn meir eik. Langsmed søndre delar går ein kjerreveg mellom lokaliteten og eit jorde, og langsmed delar av denne er det noko skrotemarkspreg. Floraen består av vårkål, smørbukk, matsyre, brennesle, engtjæreblom, hanekam, svartburkne, skogburkne, skjørlok, ormetelg, hassel, byhøymol, veiarve, maurarve, raud jonsokblom, kvitveis, krypsleie, skogkarse, kystbergknapp, begerhagtorn, mjødurt, markjordbær, kratthumleblom, villeple, hegg, duskbjørnebær, bringebær, tiriltunge, gjerdevikke, stankstorkenebb, skogsvinerot, revebjelle, mørkkongsslys, tveskjeggveronika, bergmjølke, smalkjempe, bergflette, hundekjeks, vendelrot, blåknapp, svartknoppurt, veitistel, skogsveve, haremat, skogsalat, klengemaure, myrmaure, strandløk, vårmarihand, bleikstorr, lundgrønnaks, hundegras, hengeaks, lundrapp og markrapp. Dessutan nokre mosar og lav: bekkelær, blyhinne, brun korallav, Opegrapha vermicellifera, stortaggmose, sumplundmose, storlundmose, saglommose, krypsilkemose, matteflette (resupinatum), teppekjeldemose, stabbesteinmose, revemose, putevrime og kysthinne.

Artsmangfold: Ask (NT). Opegrapha vermicellifera (VU) er kjent frå relativt mange lokalitetar på Vestlandet. Den veks på lauvtre (m.a. alm, ask, eik, hassel) og er truleg til ein viss grad truga av attgroing, manglande styving og treslagskifte. Faunaen er ikkje undersøkt, men området har stort potensial for å huse interessante invertebratar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ovanfor lokaliteten er det beitemark og andre jordbruksareal, og ein kan ikkje sjå bort i frå at det er noko avrenning frå desse. Etter ortofoto å dømme har det òg nyleg vore noko hogst i øvre delar av edellauvskogen.

Fremmede arter: Stikkelsbær, bulkemispel, blankmispel, platanlønn.

Verdivurdering: Området omfattar ein smal, men fint utvikla edellauvskog, der det veks minst ein raudlista lavart. Området er likevel ikkje godt undersøkt, og det er grunn til å tru at det finst fleire interessante artar her. Mellombels får lokaliteten derfor verdi B.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling.

138, Hovda, sør for, Store gamle trær (Hul eik) - Verdi A.

Innledning: Undersøkt 26.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit antall eiketre frå vegen og opp på ein kolle like søraust for Hovda sørvest på Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eikehage langsmed kanten av naturbeitemark der det står fleire store og dels hole eiker. Den største står nesten heilt på toppen og har middels vid krone og ein omkrets på om lag 380 cm i brysthøgde. Denne har òg minst eitt tydelig holrom. Ganske mykje lav og mose, m.a. matteflette (resupinatum), gulband, bristlav, Pertusaria albescens, Pertusaria pertusa, bleiktjafs, sølvneve, barkbrunlav, liten praktkrinslav, matteblæremose og Antitrichia curtipendula. På toppen står òg minst ein eik til på over 200 cm i omkrets, også denne er hol. Dessutan nokre mindre eiketre. Det ligg òg noko daut ved av eik i denne delen. Innimellom trea er feltsjiktet dominert av gulaks, smyle og markrapp, saman med m.a. engkvein, beitesveve, knollerteknapp og kvitveis. Nede ved vegen står ein stor eik som delar seg i to om lag 2 m over bakken den er 300 cm i omkrets i brysthøgde. Denne har ingen holheter. Nedanfor trea, på sørsida, er det beitemark i tørrbakke med mykje revebjelle og m.a. raigras, fjellblom, kystbergknapp, hårsveve og musekløver.

Artsmangfold: Liten praktkrinslav (VU) finst på det største treet på toppen. Arten veks på stammer av lauvtre og meir sjeldsynt på mosekledd berg langsmed kysten frå Vest-Agder til Sogn og Fjordane. Den er sjeldsynt, og er truleg truga av hogst av gamle tre, granplanting, gjenvoksing i kulturlandskapet og luftforureining.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området blir beita.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Det er ikkje særskilde mange store eiker i denne delen av Hjelmeland, men stadvis ein del eikeskog som òg inneheld eik. Desse store trea kan difor vere viktige vektorer for arters moglegheit for å spreie seg frå ein eikeskog til ein annan.

-Naturtypar i Hjelmeland kommune 2012 -

Verdivurdering: Store og dels hole eiker med minst éin raudlista lavart, verdi A.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite i området, men ellers minst mogleg påverknad. Unngå gjødsel i nærleiken av trea. La daude delar få bli på trea og la eventuelle nedfalne delar bli liggande. Eventuelt rydde bort oppslag av buskar og tre under eikekronane.

139, Søylå, Poller - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 26.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein poll og ein beitemark omkring denne nær Furetangen nesten heilt vest på Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er på eit vis todelt, med den ene delen bestående av ein grunn brakkvannspoll med noko svartorstrandskog og den andre delen ein naturbeitemark som strekk seg eit stykke opp frå pollen på austsida, men der dyra òg har adgang til pollen. I svartorsumpen veks m.a. sumptorvmose, ryllsiv, stjernestorr, storbjørnemose, vendelrot, myrhatt, strandkvann, klourt, myrmaure, kjeldeurt, myrfiol, markrapp, krypkvein, krypssoleie, engsoleie, bekkeblom, englodnegras, sumpkarse, krattmjølke, hanekam, mjødukt, mannasøtgras, sløke, orelav, kysttornemose, gaukesyre, orekjuke og grøftesoleie. I kanten av oreskogen veks m.a. gulgrønnål og rustflekknål på furu. Ute i pollen blei det berre funne småhavgras, stadvis òg noko saltbendel heilt inne ved kanten. Langsmed pollen ellers er det fin strandeng og mot aust blir beitemarka gradvis tørrare. På dei meir saltpåverka delane finst strandkvann, rustsivaks, havsivaks (som belter/sumper i båe buktene, samt ved utløpet av pollen), musestorr, strandklo, froskesiv, vasspepper, krushøymol, gåsemure, groblad, strandkjempe, strandkryp, fjæresauløk, myrsauløk, kystmaure, saltsiv, kornstorr, fjæresivaks, krypkvein, knereverumpe, raudsvingel og fjæresaltgras. Elles i beitemarka finst m.a. revebjelle, søtbyrnebær, snauarve, hanekam og mannasøtgras. Hele vegen, men særleg i øvre delar, er beitemarka full av større og mindre steinar som stikker opp av bakken. På desse er det mykje lav og mose, m.a. beitesteinmose.

Artsmangfold: Beitesteinmose (VU) vaks på (minst) ein av steinane i øvre del av beitemarka. Arten er bunden til varme, åpne og relativt flate berg, gjerne i beitemark på lune, beskytta lokalitetar. Den har hovudtyingden av kjente lokalitetar litt inne i fjordane på Vestlandet. Habitatet er sårbart for attgroing og det tolkast som at arten har hatt og vil få ein populasjonsreduksjon som følgje av attgroing og utskugging. Sporemose (NT), strandsnipe (NT). Buttsnutfrosk finst i beitemarka.

Bruk, tilstand og påvirkning: Sjølve pollen brukast knapt, medan strandenga og beiteområdet i aust blir beita av kyr og/eller sau. Det blei ikkje observert spor etter blautgjødsel i 2012.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Verdivurdering: Mosaikkprega område med brakkvannspoll, svartorstrandskog, strandeng og beitemark der det òg finst raudlista artar, verdi B.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite, men minst mogleg gjødsling. Unngå blautgjødsling.

140, Breiavik, nordaust for, Kystfuruskog (Oseanisk lågurt-furuskog) - Verdi C.

Innledning: Undersøkt mangelfull 26.06.2012 og eit parti i sørvest meir grundig 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Større furudominert område på ei slak kolle ovanfor Breiavik/Kådaberget ved Furutangen på vestsida av Randøy (mogleg at det er sjølve kollen som heter Kådaberget).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Glissen furuskog med mykje kysteinstape og blåbær. Innimellom furutrea står einskilde kristtorn, rogn, bjørk, hassel, sommereik, trollhegg og einer. Terranget er relativt flatt, men slakt hellande, men det er òg nokre nakne bergveggar og -knauser. I felt- og marksjiktet blei registrert smyle, harestorr, krypsiv, kysteinstape, skogburkne, fugletelg, geittelg, smørtelg, hengeving, bjørnekam, sisselrot, maurarve, kvitveis, tepperot, gaukesyre, stankstorkenebb, fagerperikum, myrfiol, skogfiol, jonsokkoll, revebjelle, stormarimjelle, legeveronika, bergmjølke, bergflette, vivendel, sanikel, blåknapp, blåbær, tyttebær, kreking, ugrasløvetann, skogstjerne, kystmaure, rome, engfrytle, grønntorr, stjernestorr, kornstorr, bråtestorr og gulaks. På bergveggane finst blankburkne, svartburkne, brun fargelav, kystkolve, bergpolstermose, Opegrapha gyrocarpa, matteblæremose og gulband. På trea finst Loxospora elatina, rustflekknål og gullnål. Andre lav- og mosearter som blei observert er Micarea alabastrites, raudmesigmose, trøsatemose, kammosse, kystputemose, ribbesigd, raudbust, kystlommemose, pestbråtemose, trådfloke, etasjemose, heiflette, musehalemose, blåmose, kystjamnemose, storbjørnemose, narremose, stabbesteinmose, sumptorvmose, lyngtorvmose, heitorvmose, stortujamose og larvemose.

Artsmangfold: Ingen raudlistearter observert, men lokaliteten har opplagt potensial for å huse slike.

Bruk, tilstand og påvirkning: Etter flyfoto å dømme er det hogd fleire stadar innafør det området som truleg har vore ein samanhengande kystfuruskog. Eit parti nedanfor vegen til Furutangen høyrer òg naturlig med, men er utelatt på grunn av at vegen skjer gjennom området nokså nær kanten.

Fremmede arter: Kystmispel.

Del av heilskaplig landskap: Det finst fleire liknande furuskogar i nærleiken.

Verdivurdering: Furuskog med relativt svakt preg av kystfuruskog og utan funn av raudlistearter eller andre sjeldsynte artar, verdi C. Lokaliteten er likevel ikkje godt undersøkt, og her er moglegheit for å gjere interessante funn.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Fjerne framande artar.

141, Kotatjørna, Rik kulturlandskapssjø (Kalkfattigere utforming) - Verdi B.

Innledning: Sørvestenden undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

-Naturtypar i Hjelmeland kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Tjernet ligg nær østenden av Randøy. Utløpet ligg i sørvest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vegetasjonsrikt tjern med breie belter av elvesnelle- og storrsump. Mykje myrhatt. I ytterkant er det omfattande kratt av øyrevier, stadvis òg parti med sumpskog av svartor og bjørk, òg der iblanda ein god del øyrevier. Ellers finst noko rogn, ask og selje i kantsonen. Stadvis mykje daud ved. Floraen i og rundt vannet omfattar elles av strandrøyr, brennesle, skogsnelle, skogburkne, broddtelg, hengeving, lappvier, vasspepper, byhøymol, kjeldeurt, raud jonsokblom, gul nykkerose, kvit nykkerose, engsoleie, grøtesoleie, krypssoleie, engkarse, mjødurt, åkersvinerot, sløke, melkerot, vendelrot, gulldusk, bukkeblad, rusttjønnaks, klengemaure, myrmaure, andemat, lyssiv, slåtestorr, flasketorr, myksivaks, knereverumpe, mannasøtgras, englodnegras, myrrapp og markrapp, samt pusktjønnmose og sprikemoldmose. På trea blei det notert *Fuscidea lightfootii*, bleiktjafs, vanleg kvistlav, orelav, bristlav, hengestry og piggstry. Både nord, aust og dels sør for tjernet er det større skogholt som strekk seg eit stykke bort frå tjernet.

Artsmangfold: Ask (NT). Ein del augnestikkarar. Ferskvannsfauunaen er ikkje undersøkt, men her er potensial for fleire interessante artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er beitemark og jordbruksareal rundt nesten heile tjernet, så det er grunn til å tru at området er noko påverka av avrenning og gjødsel. Vann til vanning av dei same areala hentast vel òg frå tjernet. I alle fall i sørvest er beitedyra utestengt frå sjølve tjernet.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Det er langt til næraste tjern med liknande kvalitet.

Verdivurdering: Generelt rikt kulturlandskapstjern med mykje vegetasjon både i og rundt vatnet, verdi B. Potensial for interessante ferskvannsinvertebratar.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Take vare på dei kantsonane som finst i dag. Avgrense avrenning frå jordbruksareala.

142, Kota, nord for, Naturbeitemark ((D04) Frisk/tørr, middels baserik eng) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar beitemarka nord og aust for Kota, litt nord for Kotatjerna vest på Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området er litt mosaikkprega, men hovuddelen omfattar ein naturbeitemark i hellande terreng (det er òg flatare parti nedst, men desse er tydelig gjødsle og ikkje inkludert i naturtypen). Ellers finst ein del gamle askekallar med opphøyrd styving, nokre større eiker, nokre bergveggar, og store steinblokker med rik lav- og moseflora, samt ein edellaavskog dominert av ask og hassel, men òg ein del bjørk. Fleire av askekallane har holheter og daude stammedeler. I området står òg noko lind, barlind og kristtorn. I beitemarka og tilstøytande skogkantar finst smyle, harestorr, smørbukk, kystgrisor, smårapp, matsyre, bekkelundmose, ormetelg, smørtelg, hengeving, småsyre, kystmaigull, markjordbær, kratthumbleblom, tiriltunge, kvitkløver, gjerdevikke, stankstorkenebb, fagerperikum, engfiol, skogfiol, jonsokkoll, blåkoll, skogsvinerot, revebjelle, tveskjeggveronika, legeveronika, trollurt, bergmjølke, tettegras, smalkjempe, raudkjeks, vendelrot, blåknapp, røsslyng, blåklukke, ryllik, aurikkelseve, hårsveve, haremat, skogsalat, skoggråurt, landøyda, kusymre, myske, kystmaure, markfrytle, engfrytle, bråtestorr, engkvein, gulaks, hundegras, knegras, sauesvingel, englodnegras, raigras, lundrapp. Særleg den austre delen av beitemarka er dominert av gulaks, ellers i beitemarkene dominerer denne saman med kystmaure og kystgrisor. På større steinar og bergveggar, finst m.a. blankburkne, olavsskjegg, svartburkne, skjørlok, bjønnekam, småsmelle, vanleg arve og kystbergknapp, samt *Degelia cyanoloma*, vanleg blåfylllav, puslelav, blyhinnelav, sølvnever, lungenever, kystnever, glattvrenge, lodnevrenge, kystfylllav, kystgrønnever, buktorelav, skortejuvmose, kammose, nøttemose, gulband, stivlommose, krypsilkemose og matteflette. Nokre av lavene og mosene finst òg dels ved basis av dei større askekallane. I området finst òg skogfagermose, broddfagermose, kystkrukkemose, kveilmose, stabbesteinmose, revemose, trådkjølme, fettmose, berghinnemose og plausjammemose. I austre delar ligg fleire fint oppstabilia rydningsrøyser. Dei beste bergveggane og edellaavskogen ligg òg i austre delar.

Artsmangfold: *Degelia cyanoloma* (VU) på ask. Barlind (VU), ask (NT). Bra potensial for beitemarkssopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området blir beita. Askene har vore styva, men dette har opphøyr for lang tid sida. Mogleg at delar av beitemarka gjødslast, men dette er ikkje tydeleg i dei delane som er avgrensa som naturtype.

Fremmede arter: Sprikemispel.

Del av helhetlig landskap: Det er nokre fleire beiter med liknande kvalitet i området, både på Randøy og på fastlandet innafør.

Verdivurdering: Området som heilskap inneheld fleire interessante naturverdiar og artar, og får verdi B. Beitemarkssopp bør leitast etter på hausten, og funn av slike vil kunne vere med på å auke verdivurderinga. Insektundersøkingar kan òg gi interessante funn.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite. Ikkje gjødsle dei øvre partia. Ein bør vurdere å fristille nokre av dei store eiketrea.

143, Randa, aust for, Sørvendt berg og rasmark - Verdi C.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein bergvegg/vegskjæring langsmed østsida av Fv651 aust for Randa, nordvest på Randøy. Berggrunnen er ifylgje berggrunnskartet gneis (finkornig, grønnlig grå).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vest-sørvestvendt bergvegg med tre-fire større og mange små barlind, samt m.a. svartburkne, skogburkne, osp, hassel, bergasal, revebjelle, filtkongslis, krattmjølke, bergflette, vivendel og blåknapp. Lav- og mosefloraen er berre heilt kort undersøkt, og her er potensial for interessante artar av slike.

Artsmangfold: Barlind (VU) er fortsatt ein vanleg art i mange kyststrok, men er likevel vurdert som sårbar av di den er i noko tilbakegang, m.a. grunna sterk nedbeiting frå hjortedyr.

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av lokaliteten er truleg kunstig laga ved etablering vegen. Lokaliteten er truleg noko negativt påverka av trafikken.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: I regionen finst fleire bergveggar med liknande eksposisjon. Fleire av desse har sjeldsynte artar bunden til seg, og slike kan òg finnes her.

Verdivurdering: Lokaliteten er fyrst og framst kartlagt på grunn av førekomst av barlind, men òg ut frå potensial for andre interessante artar. Mellombels verdi C. Ein bør gjere grundigare undersøkingar.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling.

144, Indre Sandanger, nord for, Hagemark (Askehage) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i bakken nord for Indre Sandanger på sørsida av Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området ligg i kanten av ei beitemark og omfattar ein del askekallar langsmed ein bekk som renn ned langsmed beitemarka (hagemark – utforming askehage). Noko svartor finst òg langsmed bekken. I feltsjiktet finst smyle, kysteinstape, matsyre, hengeving, vassarve, engsoleie, tepperot, revebjelle, myrtistel, skjermesveve, kystmaure, stjernestorr, gulaks, raudsvingel, tunrapp og markrapp. På askane veks m.a. *Catapyrenium psoromoides* ("grå jordlav" på svensk), *Gyalecta truncigena*, filthinnelav, stiftfylltav, blanknever, skjellnever, *Caloplaca chlorina*, piskraggmose, kammose, ribbesigd, kystlommemose, krupsilkemose, matteflette, rottehailemose, musehailemose, ekornmose, flatfellmose, krusfellmose, kystbustehette, kveilmose, matteblæremose og gulband. På steinar i bekken veks kaursvamose, bekkelundmose, kjølelvemose, buttgråmose, køllekjølmose og bekketvebladmose.

Artsmangfold: *Catapyrenium psoromoides* (CR) veks på minst éin av asketrea. Arten veks på bark av edellauvtre (ask, alm og eik) og på kalkrike bergveggar. Det latar til å vere sær sjeldsynt i Noreg, og er frå før berre kjend frå fire lokalitetar, der to er i Rogaland. Den synast å vere truga av endringar i kulturlandskapet, særleg attgroing, og av hogst av gamle lauvtre, t.d. pga. almesjuken. I tillegg finst *Gyalecta truncigena* (VU). Denne arten veks i eit breitt belte langsmed kysten nord til Sogn og Fjordane, og finst hovudsakleg på gamle, grove, ofte styva asketre eller almetre i edellauvskog og kulturlandskap. Truslane omfattar ulike former for hogst og attgroing. Almesyke er òg ein trussel, men artens habitat er i dag kanskje mest truga av hjortebeite. Ask er dessutan i seg sjølv raudlista (NT).

Bruk, tilstand og påvirkning: Beiting. Askene har antakelig vore styva, men dette har opphøyr for lenge sida.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av heilskaplig landskap: Det finst nokre fleire område med gamle askekaller i området, både på Randøy og på fastlandet innafor.

Verdivurdering: Funn av den kritisk trua laven *Catapyrenium psoromoides*, saman med ytterlegare ein høgt raudlista lav, gjer at lokaliteten får verdi A. Bortsett frå lavane har lokaliteten få spesielle kvaliteter, men ville uansett blitt kartlagt som naturtypelokalitet.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Sprøyting av gjødsel må ikkje skje.

145, Indre Sandanger, nord-nordaust for, Store gamle trær (Ask) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Treet står langsmed ein kjerrevei nord-nordøst for Indre Sandanger på sørsida av Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar eit stort asketre, moglegvis styva tidlegare. Treet i seg sjølv er ikkje så stort, men på barken veks ein sårbar lavart, *Thelopsis rubella*. Ellers finst m.a. stiftfylltav, krupsilkemose, musehailemose, ekornmose, faksbustehette, trådkjølmose, matteblæremose og gulband.

Artsmangfold: *Thelopsis rubella* (VU). Arten veks vanlegvis på stammen av edle, ofte styva lauvtre (alm, ask, eik, lind) i kyststrok frå Rogaland til Sogn og Fjordane. Den er relativt sjeldsynt og er vurdert som sårbar for hogst, treslagskifte, mangel på styving, og av utbygging.

Bruk, tilstand og påvirkning: Treet virka vitalt.

Verdivurdering: På grunn av den sårbare laven *Thelopsis rubella* får lokaliteten verdi B.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Unngår sprøyting av gjødsel.

146, Sandanger, nordvest for, Store gamle trær (Hul eik) - Verdi A.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Treet står like nordvest for Sandanger på sørsida av Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen omfattar eit stort eiketre, relativt frittstående i ei beitemark, men med ein skogkledd kolle like på nordsida. Treet har middels vid krone og ein stammeomkrets på 375 cm i brysthøgde. Det finst daude delar på treet,

-Naturtyper i Hjelmeland kommune 2012 -

medrekna eit langstrakt parti med begynnande holromsdanning. Ei stor grein er kutta ned og fjerna frå området. Moderat med lav og mose – berre bristlav, *Pertusaria albescens*, putevortelav og matteflette (kystflette, *resupinatum*) blei notert.

Artsmangfold: Ingen særskilt nemneverdige artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Treet står midt i ei beitemark. Ved våtgjødsling av marka blir òg eikestammen nedsprøyta, og deter truleg årsaken til det utarma arts mangfaldet av epifyttar.

Fremmede arter: Ingen.

Del av heilskaplig landskap: Det er ikkje sær mange store eiker i denne delen av Hjelmeland, men stadvis ein del eikeskog som òg inneheld stor eik. Desse store trea kan difor vere viktige vektorer for arters moglegheit for å spreie seg frå ein eikeskog til ein annan.

Verdivurdering: Treet er stort og med holromsdanning, verdi A.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite i området, men ellers minst mogleg påverknad. Unngå å sprøyte trestammen med gjødsl. La daude delar få bli på trea og la nedfalne delar bli liggande. Framtidig oppslag av buskar og tre under eikekrona bør fjernast.

147, Sandanger, sørvest for, Store gamle trær (Alm) - Verdi A.

Innledning: Undersøkt 27.06.2012 av Kjell Magne Olsen, BioFokus og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland, i samband med naturtypekartlegging i eit antall kommuner i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nær Indre Sandanger, mellom Fv650 og grusvegen ned til Sandangervågen på sørsida av Randøy.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen omfattar tre store almetre, som kvar måler 325, 345 og 385 cm i omkrets i brysthøgde. Det er ingen holrom og lite daude delar på dei to minste, men eitt holrom i den største. På trea blei det notert krypsilkemose, flattellmose og gulband. Ein litt mindre alm står like attmed dei tre store.

Artsmangfold: Ingen spesielle artar registrert.

Bruk, tilstand og påvirkning: Noko påverknad av vegstøv kan vere årsak til ein sparsom lav- og moseflora. Staden er elles nytta til dumpng av hageavfall.

Fremmede arter: Ingen, men framande artar kan bli eit problem om ein held fram med å dumpe hageavfall.

Del av heilskaplig landskap: Store almetre er det lite av i regionen.

Verdivurdering: Trea er store og utgjør sjeldsynte element i regionen, så dei får verdi A.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling. Dumping av hageavfall bør avsluttast.

148, Viganeset, Hagemark (Einerhage/einerbakke) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt i samband med naturtypekartlegging i Hjelmeland i 2012. Området blei besøkt 25. og 26. juni av Kjell Magne Olsen, BioFokus, og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Beitemarka ligg på nordre del av Viganeset, mellom hovudvegen (Fv650) og industriområdet heilt på nordspissen, og strekker seg frå havnivå og opp til litt over 20 m.o.h.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar eit beita område, dels skogkledd og dels engareal. Skogen består i hovudsak av bjørk, dels ganske ung og dels på myrlendt mark. Òg andre treslag inngår spreidd, som rogn, gran, svartor, furu og ask. Einskilde rogn opp til 45 cm i diameter. I bjørkeskogen ned mot sjøen er det relativt storvaksen bjørk, og her finst òg små lysningar i skogen med meir engprega vegetasjon, medrekna små fuktig med meir råmekrevjande artar. I vest er bjørkeskogen meir småvaksen, og det er her meir myrlendt. Fleire stadar i kanten av skogområda er det område med mykje einstape. Det største engarealet, som ligg oppe på flata, om lag 20 m.o.h., er ikkje intensivt beita, men eit område med utstrekning på om lag 200 m i lengda og 90 m i breidda har relativt lågvaksen vegetasjon. Det spreiaast møkk i området, men det er ikkje sterkt gjødsla. Spreidd i engareala står omkring 80 større eller mindre einerbuskar. Mange av desse er typiske søyleeinerar, påverka av beite gjennom lang tid. Dei største einerane er opp mot 8–9 m høge, og med stammediameter på opp mot 30 cm i brysthøgde. Einskilde einertre er velta, truleg vindfelt. Engene, og dels skogen og myrområda, inneheld artar som brennesle, smørtelg, bjønnekam, øyrevier, kjeldeurt, bekkestjerneblom, rundsoldogg, tepperot, kvitkløver, trollhegg, revebjelle, stormarimjelle, blåknapp, blokkebær, myrtistel, kystmaure, rome, knappsiv, heisiv, grønnsorr, stjernestorr, slåttestorr, geitsvingel, mannasøtgras, englodnegras, markrapp. Eit halvstort epletre står i kanten av enga, og det er òg noko rosekratt hist og her. Vanlege epifyttiske mosar, hovudsakleg på epletreet, er bleikbustehette, fløyelslundmose, krusgullhette, hjelmbælremose, matteblælremose, samt den meir uvanlege spolebustehette.

Artsmangfold: Den einaste raudlistearten som er funne innafør området er ask (NT), og denne finst berre sparsomt. Spolebustehette har ei utbreiing i Noreg som er utprega sørvestleg (nesten berre Rogaland). I Artskart ligg ingen registreringar frå Viganeset, ei heller frå utanfor beitemarka. Engareala har eit visst potensial for beitemarksopp om dei blir beita rimeleg snaue utover hausten, men ingen artar er funne. Utover dette er areal med hagemark viktige biotopar for ulike spurvfuglar. Potensialet for insekt bunden til denne naturtypen er dårleg kjent.

Bruk, tilstand og påvirkning: Arealet blir beita av kyr og sauar, og gjødselpåverknaden er vurdert som moderat. Einstapeførekommene og rosekrattene, samt litt myrtistel, kan tyde på ein viss atgroing.

Fremmede arter: Edelgran, haustberberis og dyrka eple. Langsmed vegen nord for beitemarka står til dels mykje hagelupin, men denne blei ikkje funnen innafør gjerdet.

Del av heilskaplig landskap: Det er langt mellom lite til moderat gjødsla beiter i denne delen av Rogaland, og då særleg areal med store søyleeinerar.

Verdivurdering: Området er vurdert som B (viktig) i naturtypesamanheng. Det biologiske mangfaldet er ikkje særskilt stort, men større beitemarker med moderat gjødselspåverknad er uvanlege. Hagemarker generelt er vurdert som noko trua vegetasjonstyper (VU) av framstad og Moen (2001). Einerhager blir rekna blant dei meir spesielle og sjeldsynte hagemarkstypene, og difor kan ein forsvare å klassifisere området som viktig. Einerhager har sin hovudutbreiing på Vestlandet, og difor bør denne regionen ta eit visst ansvar for å bevare slike. Dei store og høge søyleeinerane på Viganeset gjer området eit særskilt preg. Potensialet for beitemarkssopp er òg inkludert som ein del av verdivurderinga.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt moderat beite med kyr og sau er ynskjeleg, gjerne justert slik at engareala blir beita heilt snaue i løpet av hausten, men utan at slitasje og erosjon blir påfallande. Gjødslinga bør haldast på eit minimum. Einstape kan ryddast, og rosekratt haldast på dagens nivå. Det er heilt klart engareala med søyleeinerar som utgjer den (mest) verdifulle delen av området, og det er denne som fyrst og framst må takast vare på. Areala rundt er likevel viktige for å hindre overbeiting og for sterk slitasje på denne delen. Framande artar som haustberberis og edelgran bør fjernast.

3.3 Registreringsstatus

I følge naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 2007) kap. 7.7 er det ei målsetting at kommunen skal ha oversikt over kva areal som er godt kartlagt og kva som ikkje er godt kartlagt. I eit prosjekt med avgrensa middel vil ein ikkje kunne kartlegge alt areal innan ein kommune.

Formålet med kartlegginga i Hjelmeland i 2012 var fyrst og fremst å kvalitetssikre tidlegare kartlagde naturtypar i lågareliggande delar av kommunen, særleg sjønære jordbruksareal og tettstadsnære strok.

Kartlegginga har ikkje vore systematisk, korkje geografisk eller med omsyn til hovudnaturtypar. Det er derfor heller ikkje funne hensiktsmessig å presentere dekningskart for kommunen. Likevel kan ein rekne nokre område som ganske godt kartlagt etter 2012-sesongen (kor dei fleste A- og B-lokalitetar innanfor dei fleste hovudnaturtypar er fanga opp), slik som ved Årdal, omkring Steinslandsvatnet, og søre del av Randøya.

3.3.1 Status for dei ulike hovudnaturtypane

Vurderingane under gjeld for kommunen som heilskap.

Myr og kjelde: Ein lokalitet vart kartlagt innafor denne kategorien i 2012 (kystmyr). Myr og opne kjelder er fåtallige i lågtliggande deler av kommunen. Rikmyr er ikkje kjent, og eventuelle førekomstar er truleg dyrka opp eller på anna vis desimert. Det er likevel framleis potensial for nokre viktige myrlokalitetar i litt høgareliggande strok. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

Rasmark, berg og kantkratt: Det er berre registrert tre lokalitetar innafor denne hovudtypen; to som nordvendte kystberg og blokkmark og ein som sørvendt berg og rasmark. Men små areal med typen inngår ofte i andre naturtypeavgrensingar, særleg i rik edellauvskog, gammal lauvskog og gammal fattig edellauvskog. Mykje av kommunen er framleis ikkje eller dårleg kartlagt, og det er stort potensial for fleire viktige lokalitetar innan denne kategorien. → Kartleggingsstatus: Dårleg til middels godt kartlagt.

Kulturlandskap: Ved kartlegginga i 2012 blei det lagt vekt på kartlegging innafor kulturlandskapet. Store gamle tre og hagemarker var dei naturtypane som vart kartlagt oftast. Verdfulle naturbeitemarker blei berre funne relativt få stader, og det blei ikkje kartlagt noko areal med slåttemark. Dette skyldast at sjølv om mykje areal er nytta som beitemark i Hjelmeland, så er den direkte eller indirekte tilføringa av gjødsel for høg og/eller berggrunnen/jordsmonnet for basefattig til at det er utvikla eller opprethalden eit artsrikt feltsjikt. Hovudnaturtypen reknas som godt kartlagt i søre og vestre delar av kommunen, men dårleg til middels godt i indre og nordre delar av kommunen. → Kartleggingsstatus: Godt kartlagt i sørvest, Dårleg-middels godt i nordaust.

Ferskvann/våtmark: Nokre lokalitetar vart kartlagd i 2012, både rik kulturlandskapssjø, viktige bekkedrag og bukter/viker. Det blei ikkje fokusert særskilt på denne hovudnaturtypen, så det står nok att ein del viktige lokalitetar som ikkje er fanga opp. På den anna side vart fleire av stadene med størst potensial for hovudnaturtypen i kommunen vitja og relativt godt kartlagt i 2012. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt

Skog: Mange viktige skogområde er fanga opp i denne og føregåande kartlegging (Gaarder et al. 2010). Det er særleg naturtypane rik edellauvskog, gammal lauvskog og gammal fattig lauvskog som dominerer statistikken, og mange av lokalitetane er vurdert til høgste naturtypeverdi. Sjølv om det utvilsamt framleis står att noko areal med godt potensial for typen vurderast søre del av kommunen som godt kartlagt med omsyn til skog. Nordre del er langt dårlegare kjent, og det er stort potensial for viktige lokalitetar langs både sider av Jønsenfjorden inkludert Ombo. → Kartleggingsstatus: Godt kartlagt i sør, Dårleg kartlagt i nord.

Kyst og havstrand: Ein lokalitet er kartlagt (ved Årdal). Typen er i liten grad undersøkt, men potensialet for fleire viktige lokalitetar i denne kategorien vurderast som lågt. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

4 Diskusjon

4.1 Ansvarsnaturtypar og -artar i kommunen

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som kommunen har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Hjelmeland ligg i kjerneregionen for ei lang rekkje sjeldsynte og truga råmekrevjande kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Desse artane er knytt til fleire ulike naturtypar, men gammal lauvskog, rik edellauvskog, bekkekløft og bergvegg, nordvendte kystberg og blokkmark, hagemark og store gamle tre er truleg dei viktigaste. Særs viktige område er nordaustsida av Riskadalsvatnet, Hjelmen attmed Hjelmelandsvågen og dalsidene langsmed Øvre Tysdalsvatnet og Trollatysdal.

Det er funne ei lang rekkje raudlista artar i kommunen, men det er særleg gruppa av lav som peiker seg ut med særs mange sjeldsynte artar. Dette omfattar luftråmekrevjande og varmekjære artar som *Rinodina isidioides* (CR), *Catapyrenium psoromoides* (CR), randpunktav (*Punctelia jeckeri*) (CR), *Thelotrema macrosporum* (EN), irsk hinkelav (*Leptogium hibernicum*) (EN), *Leptogium cochleatum* (EN), gul buktrinslav (*Hypotrachyna sinuosa*) (EN), grå buktrinslav (*Hypotrachyna laevigata*) (EN), hårtrinslav (*Parmotrema crinitum*) (EN) og kystskoddelav (*Menegazzia subsimilis*) (EN).

Mosefloraen er til synes ikkje like rik på sjeldsynte og høgt raudlista artar, men mosefloraen er truleg noko dårlegare kjent samanlikna med lavfloraen. Nemneverdige artar omfattar m.a. parkmose (*Habrodon perpusillus*) (VU), Beitesteinmose (*Hedwigia integrifolia*) (VU) og kløftegrimemose (*Herbertus aduncus*) (NT).

Sjeldsynte sopp vart ikkje funne i løpet av kartlegginga i 2012, men både krevjande/sjeldsynte vedbuande sopp og beitemarkssopp er funne tidlegare ved Riskadalsvatnet og Trollatysdal (sjå Gaarder et al. 2010).

Av andre organismar nemnes fleire førekomstar av stortrollurt (*Circaea lutetiana*) (VU) og funn av elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) (VU) i og omkring Steinslandsvatnet.


5 Litteratur

Gaarder, G., Jordal, J. B., Fjeldstad, H. og Johnsen, J. I. 2010. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga. Miljørapport 3-2010.

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.

Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtypar 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Naturbase 2012. Direktoratet for Naturforvaltning.
http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp



BioFokus er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter BioFokus-rapport og BioFokus notat,
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>



Gaustadalléen 21
0349 OSLO
Org.nr: 982 132 924
post@biofokus.no
www.biofokus.no

ISSN 1504-6370
ISBN 978-82-8209-270-8

BioFokus-rapport 2013-12